



Høgskulen på Vestlandet

Samfunnsfag 3, emne 4 - Masteroppgave

MGUSA550-O-2022-VÅR2-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	02-05-2022 09:00	Termin:	2022 VÅR2
Sluttdato:	16-05-2022 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave		
Flowkode:	203 MGUSA550 1 O 2022 VÅR2		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	526
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	22738
----------------------	-------

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/uirksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



MASTEROPPGÅVE

Grunnskulen si tyding for lokalsamfunna

The significance of the primary school in the local
community

Hilde Horpen

Master i samfunnsfagdidaktikk

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Gro Marit Grimsrud

Innleveringsdato: 15. mai

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høg på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Denne masteroppgåva markerer slutten på min femårige lærarutdanning. Det har vore fem lærerike, utfordrande, spennande og fine år.

For at denne masteroppgåva skulle bli fullført er det mange som fortener ei takk.

Eg vil rette ein stor takk til rettleiaren min Gro Marit Grimsrud. Takk for gode og grundige tilbakemeldingar. Eg har vore heldig som har hatt ein så engasjert og kunnskapsrik rettleiar som deg.

Takk til informantane mine som velvillig stilte opp og delte av sine erfaringar og meiningar. Utan dykk hadde ikkje masteroppgåva blitt til.

Takk til medstudentar for fine år saman, og for at de har gjort masterperioden betre og hyggelegare.

Takk til vener og familie for gode og oppmuntrande ord, støtte og korrekturlesing.

Til slutt: ein stor takk til sambuaren min, Lars, for all støtte, tolmodighet og forståing.

Samandrag

Mange små skular har blitt lagt ned dei siste åra. Mange lokalsamfunn har allereie mista, eller står i fare for å miste, den lokale skulen. Dette kan ha konsekvensar for lokalsamfunnet, særleg lokalsamfunn i distrikta. Debattar om skulenedlegging skapar ofte mykje debatt og kjensler, noko som kan vere eit teikn på at skulen er viktig for lokalsamfunna og menneska som bur der. Føremålet med denne studien har vore å sjå på kva tyding skulen har for lokalsamfunn i distriktet. Eg har sett på kva skulenedlegging kan ha å seie for eit lokalsamfunn og i kva grad eit lokalsamfunn kan bli råka ved ei skulenedlegging. Eg har også sett på kva som kan skje med eit lokalsamfunn der ein står i fare for å miste den lokale skulen. Gjennom å snakke med eit utval av innbyggjarar i to lokalsamfunn, det eine der skulen er lagt ned, det andre der skulen risikerer å bli lagt ned, har eg fått innsikt i kva skulen tyder for lokalsamfunna i distriktet. Problemstillinga har vore: *Kva tyder lokalsamfunnet for folk, og kva oppfatningar har dei av skulen si rolle i lokalsamfunnet?* Gjennom intervjuja danna eg meg tre tema som vert overordna i denne oppgåva: 1. lokalsamfunn, 2. skulen si rolle for lokalsamfunnet, 3. attraktivitet.

Skulen si hovudoppgåve er naturlegvis opplæringa i tråd med opplæringslov, læreplanar og skulen sitt mandat. Fokuset i denne oppgåva er kva skulen si tyding er for lokalsamfunna. Eg har fokusert på lokalsamfunn i distrikta, der skulen gjerne fungerer som forsamlingshus og møteplass, med alle aktivitetar og arrangement som føregår i ei bygd. Resultata i oppgåva viser at omgrepet lokalsamfunn er samansett og komplekst. Informantane hadde ulike oppfatningar og ulike tolkingar av kva omgrepet tyder. Oppfatninga etter intervjuja er at skulen spelar ei viktig rolle i lokalsamfunnet, og at skulen er viktig *for* lokalsamfunnet. Resultata syner at skulen er viktig for attraktiviteten til lokalsamfunnet og bygda, men informantane har ulike syn på i kva grad skulen påverkar attraktiviteten, særleg med tanke på skulen sin storleik. Samanhengen mellom skulen sin storleik og kvaliteten i opplæringa er noko eg ser nærmare på i denne oppgåva.

Abstract

A great number of small, local schools have been closed in recent years. Many local communities have already lost, or are in danger of losing, the local school. This can have consequences for the local community, and especially local communities in smaller towns and villages. Debates about school closures often brings out a lot of feelings, something that may indicate that the school is important for the local community and the people who live there. The purpose of this study is to look at the significance of having a local school for the local community. I have looked at what school closure can have to say for a local community, and to what extent a local community can be affected by a school closing down. I have also looked at what can happen to a local community where one is in danger of losing the local school. By talking to a selection of residents in two local communities, one where the school is closed, the other where the school is at risk to being closed, I have gained insight into what the school means to the local communities in a small town or village. The problem has been: *What does the local community mean to people, and what perceptions do they have of the school's role in the local community?* Through the interviews, I form three topics that are paramount in this assignment: 1. local community, 2. the school's role for the local community, 3. attractiveness.

The school's main task is, of course, the education in line with the Education Act, curricula and the school's mandate. The focus of this thesis is what the school's meaning is for the local community. I have focused on local communities in smaller towns and villages, where the school often functions as a public house and meeting place, with all activities and events that take place in a village. The results in the thesis show that the concept of local community is complex. The informants had different perceptions and different interpretations of what the term implies. The perception after the interview is that the school plays an important role in the local community, and that the school is important to the local community. The results show that the school is important for the attractiveness of the local community and the village, but the informants have different views on the extent to which the school affects the attractiveness, especially considering the school's size. The connection between the school's size and the quality of the education is something I take a closer look at in this assignment.

Innholdsliste

Forord	1
Samandrag	2
Abstract	3
Innholdsliste	4
1. Innleiing	6
<i>1.1 Bakgrunn for val av oppgåve og problemstilling</i>	6
<i>1.2 Disposisjon for oppgåva</i>	8
2. Bakgrunn	9
<i>2.1 Historisk tilbakeblikk på skulen og lokalsamfunnet</i>	9
<i>2.2 Årsaker til skulenedlegging</i>	11
Kvifor skjer skulenedlegging? Kva ligg bak?	11
Storleik og kvalitet.....	14
Skuleskyss og helseperspektivet	14
3. Forsking om lokalsamfunn og skulenedlegging	15
<i>3. 1 Kva er eit lokalsamfunn?</i>	15
Lokalsamfunnsomgrepet, antropologen og lagnaden til det lokale	16
Attraktive lokalsamfunn	17
<i>3. 2 Kva er stad?</i>	20
Modernisering og globalisering – den moderne staden	22
<i>3. 3 Forsking på konsekvensar av skulenedlegging for bygdesamfunnet</i>	24
<i>3. 4 Skulen si tyding for lokalsamfunnet</i>	25
4. Metode	30
<i>4. 1 Forskingsmetode</i>	30
<i>4. 2 Intervju</i>	32
<i>4. 3 Analysemetode</i>	34

4. 4 Val av casekommune og informantar	35
4. 5 Utfordringar knytt til datainnsamling og dataanalyse	37
4. 6 Forskingsetikk.....	38
4. 7 Validitet og reliabilitet.....	39
5. Case: Sunnfjord kommune.....	41
5. 1 Lokal skuleplan/empiri/kjeldematerial	41
5. 2 Presentasjon av skulestruktur	42
6. Resultat og drøfting.....	44
Tema 1: Kva er lokalsamfunn?	44
Modernisering og globalisering.....	47
Tema 2: Skulen si rolle for lokalsamfunnet	49
Skulen som møteplass.....	49
Tankar om kva konsekvensar skulenedlegging vil føre til.....	52
Erfaringar frå skulenedlegging	53
Tema 3: Gjer skulen bygda meir attraktiv?	55
Erfaringar frå skulenedlegging	60
7. Oppsummering og konklusjon	61
8. Litteraturliste	65
9. Vedlegg.....	67
9. 1 Vedlegg 1 Intervjugal	67
9.2 Vedlegg 2 Vurdering frå NSD.....	69
9.3 Vedlegg 3 Informasjonsskriv og samtykkeskjema.....	72

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av oppgåve og problemstilling

Mange små skular har blitt lagt ned dei siste åra. Mange skular i distrikta er lagt ned, og elevar blir ofte sendt til skular lengre unna. For elevane kan dette gje både fordelar og ulemper. Elevane vert kjende med fleire, og blir ein del av eit større miljø. På den andre sida kan dette innebere fleire timar med transport kvar dag, og mindre tid til fritidsaktivitetar. Likevel er det ikkje berre for elevane dette kan gje konsekvensar. Nedlegging av den lokale skulen kan også føre til konsekvensar for lokalsamfunnet, særleg på stadar der skulen er ein av dei siste felles institusjonane.

Temaet skulenedlegging er ofte oppe i media, og ein høyrer om lokalsamfunn som har mista skulen sin eller som står i fare for å miste den. Dette skapar ofte mykje debatt og kjensler hjå innbyggjarane som bur i lokalsamfunna. Samstundes handlar nedlegging om store samfunnsspørsmål knytt til fordeling av velferdstilbod, kvaliteten på utdanninga og om sosiale og kulturelle aspekt ved sentralisering. Som komande lærar er dette noko eg er interessert i. Eg valde difor å skrive mi masteroppgåve om kva tyding grunnskulen har for små lokalsamfunn i distrikta – ut over det å vere ein utdanningsinstitusjon.

Det har tidlegare vore forska mykje på kva skulen tyder for enkelteleven i samfunnet og lokalsamfunnet si rolle i skulen. Derimot er skulen si tyding for lokalsamfunnet eit tema som er mindre forska på (Kvalsund, 2009, 2019; Kvalsund & Hargreaves (2009), Båtevik m.fl., 2013, Villa et al. 2021). I 2009 gjekk Kvalsund gjennom 30 år med forskning som er gjort i Noreg om forhold mellom skular og lokalsamfunn, og fann ut at det var lite som var gjort. I 2021 konkluderer Villa et al. med at til trass for oppfordringa til Kvalsund om meir forskning, er det framleis få nye studiar innanfor dette område- både i Noreg og internasjonalt.

I leiaren til eit spesialnummer av *Journal of Rural Studies* kjem det fram at mykje av forskinga innanfor dette tema har hatt ein tendens til å vere metrosentrisk; altså at forskinga har eit innebygd byperspektiv som blir tatt for gitt. Det vert etterlyst meir forskning som utfordrar denne tankegangen. Her kjem det også fram døme på forskning som inkorporerer perspektiv frå utdanningstilbod i bygda, velferdsstudiar og bygdesamfunnsstudiar, som peikar på måtar sosiale og kulturelle aspekt heng saman når nedlegging og sentralisering av skular er på den politiske dagsorden (Villa et al., 2021)

Det er ikkje berre sjølve utdanningstilbodet som vert påverka av skulenedlegging. I denne oppgåva ynskjer eg å utvide horisonten og sjå på skulen si utvida rolle i lokalsamfunn, der skulen ofte representerer sjølvstende, attraktivitet og identitet. Villa et al. (2021) nemner at skulen både fysisk og sosialt kan vere hovuddelen av «det sosiale limet» som held lokalbefolkninga i kontakt til å fungere som eit fellesskap. Eg er oppteken av lokalsamfunn og kva tyding dette har for folk, noko som også vil vere fokus i denne oppgåva.

Visse sider innanfor samfunnsvitskapane argumenterer for irrelevansen av stad i globalisert modernitet, og har hatt ein tendens til å viske ut geografiske skilnader utan å ta opp den potensielle metrosentrismen som ligg i standpunktet. Skulen har fleire ulike roller som skulen skal oppfylle i samfunnet. Ei «følsemd» for skulen si rolle i utviklinga av bygda og lokalsamfunnet inneberer å vere medviten om kompleksiteten til lokalsamfunnet (Villa et al., 2021). Dette er bakgrunnen for at eg i denne oppgåva fokuserer på skulenedlegging i distrikta. Eg vil forsøke å få fram skulen si rolle i lokalsamfunnet. Føremålet med oppgåva har vore å sjå nærmare på kva rolle grunnskulen spelar for lokalsamfunnet som heilskap. Kva konsekvensar kan skulenedlegging få for lokalsamfunnet? Kva har skulen å seie for attraktiviteten til lokalsamfunnet? Dette er store spørsmål det vil vere krevjande å gje fullstendige svar på. Eg vil difor avgrense oppgåva til å få fram nokre lokale stemmer og kva deira erfaringar og meiningar om desse spørsmåla er.

Problemstillinga mi er difor: *Kva tyder lokalsamfunnet for folk, og kva oppfatningar har dei av skulen si rolle i lokalsamfunnet?*

For å svare på dette spørsmålet fokuserer eg på to lokalsamfunn i ein stor kommune: Sunnfjord kommune. Eg har snakka med eit lite utval av innbyggjarar i to små lokalsamfunn for å høyre kva dei oppfattar som eit lokalsamfunn, og kva rolle skulen har i lokalsamfunnet. Det eine lokalsamfunnet har mista skulen sin, og det andre lokalsamfunnet står i fare for å miste skulen sin.

1.2 Disposisjon for oppgåva

I kapittel to vil eg presentere teori og tidlegare forskning. Her vil eg starte med å gje eit historisk overblikk over skulen og lokalsamfunnet, før eg går gjennom kva som er årsakene til at skular vert lagt ned. Eg vil også sjå nærare på lokalsamfunn, skulenedlegging og stad. I kapittel tre presenterer eg metoden eg har brukt, val av casekommune, informantar og forskingsetikk. I kapittel fire presenterer eg casekommunen eg har sett på i denne oppgåva, der eg særleg har fokusert på kommunen sin plan for skulane. I kapittel fem vil eg presentere funn frå intervju, analysere det og drøfte det opp mot teori og tidlegare forskning. I kapittel seks kjem oppsummering og avslutning, der eg vil konkludere med funna eg har gjort i denne oppgåva. Til slutt kjem oversikt over litteratur og vedlegg som eg har nytta i oppgåva.

2. Bakgrunn

2.1 Historisk tilbakeblikk på skulen og lokalsamfunnet

Historisk sett var det agrarøkonomien sine praksisar på eine sida, og den lutherske kyrkja på den andre sida, som i stor grad var lokalsamfunnet. Felles oppgåver var gjerne knytt til utfordringar i primærnæringar som fiske, jordbruk og skogbruk. I 1837 tok kommuneinstitusjonen over rolla som den samlande lokale fellesskapen, og avløyste på den måten den religiøse basen for det som tidlegare var lokalsamfunna. Som politisk fellesskap hadde kommunane evne til å inkludere alle (Aarsæther, 2016, s. 141). I tida fram mot 1964, året for den store kommunestruktureforma, var det ca. tre millionar menneske og over 700 kommunar. I dag er folketallet meir enn fem millionar. Etter kommunereforma i 2020 gjekk ein frå 428 kommunar til 356 kommunar. At omgrepet «lokalsamfunn» først var teke i bruk seint på 1960-talet i Noreg er nok ikkje heilt tilfeldig. Før den tid var det kommunane som fanga opp større delar av det lokale enn dagens kommunar. I dag er det vanleg at kvar kommune har fleire små lokalsamfunn (Aarsæther, 2016, s. 141-142). Aarsæther seier at me i dag ser at lokalsamfunnet i stor grad er prega av deltakinga til borna gjennom barnehage, skule og organiserte aktivitetar. Her vert foreldre kjende med kvarandre, og blir ein del av lokalsamfunnet. Det er fritidsaktivitetar og velferdsinstitusjonar som i stor grad støttar opp om den lokale samhandlinga, i langt større grad enn familielivet isolert sett (Aarsæther, 2016, s. 143).

I Noreg 100 år tilbake i tid var det skulane i byane og dei tettbygde, sentrale strøka som hadde kome lengst i utviklinga. Der såg ein at dei materielle vilkåra var best, lærarane i byane og meir sentrale strøk hadde ofte betre utdanning og elevane vart tidleg grupperte i klassar med andre barn på same alder (Solstad & Thelin, 2006, s. 25). Det vart i liten grad stilt spørsmål om skulen sitt innhald når det gjaldt å møte elevar med, og frå, ulik sosial og økonomisk bakgrunn, og type busetnad. Det viktige den gongen var å gjere skulane størst mogleg, i det minste unngå mange årssteg i same klasse. I den parlamentariske skulekommisjonen i Noreg frå 1926 vart det uttrykt følgjande: «spør man hva man kan gjøre for å heve nivået i landsfolkeskolen, er det ikke tvilsomt at svaret må bli: først og fremst ved å få gjennomført den best mulige klassesdeling» (Solstad & Thelin, 2006, s. 26).

Ønske om ein skule på bygdene som skulle likne mest mogleg på den «gode byskulen» i forma, førte til ei stor sentralisering av folkeskulen. Denne sentraliseringa var særleg sterk på 1950- og 60 talet fram mot gjennomføringa av den niårige einingsskulen. I den tidlege perioden var ungdomsskulen store einingar, aller helst med nok elevar til å ha tre parallelle klassar på kvart klassetrinn (Solstad & Thelin, 2006).

I Noreg førte denne sentraliseringa til at elevgrupper måtte vere fast på skulen. I fleire kommunar, særleg øykommunar, førte dette til at mange elevar ikkje kom heim i helgene på vinteren. På vidaregåande skular var det snakk om endå større avstandar, og det var fleire elevar som måtte bu på skulen gjennom skulegangen. Ein gjekk bort frå sentralisering av skular som eit aktivt politisk verkemiddel for ein «betre», meir likeverdig skule på 1970-talet. Skulemønsteret var framleis prega av tanken om at store einingar var det beste for elevane, og for dei som høyrde heime i grissgrendte strøk. Unntaket var ei viss desentralisering på 1970-talet (Solstad & Thelin, 2006, s. 26). Sjølv om sentralisering av skular ikkje lengre er argumentert ut frå ideelle pedagogiske og/eller ideelle motiv, er dei mindre skuleeiningane sterkt pressa av økonomiske grunnar. Denne situasjonen har vore i Noreg heilt sidan kommunane tok over heile det økonomiske ansvaret for skuledrift i Noreg frå 1986. Ein ser ofte at når det oppstår spørsmål om å få til kommunal innsparing ved å leggje ned eller slå saman skular, skapar det lokal mobilisering og lokalpolitiske konflikhtar.

2.2 Årsaker til skulenedlegging

Kvifor skjer skulenedlegging? Kva ligg bak?

Det er mange årsaker og argument for kvifor ein skule vert lagt ned. Skare (2009) deler desse argumenta inn i tre ulike «nivå»: individnivå, bygdenivå og samfunnsnivå. Argument på individnivå ser på tydinga til nedlegginga for den enkelte elev og familien. Dette inneber også logistikken for heimen når det kjem til å få kvardagen til å gå opp for familien sitt kvardagsliv. Argument på bygdenivå tek føre seg kva tyding skulen hadde for bygda. Dette tek opp spørsmål som kva som skjer med bygda om ein fjernar skulen, og kvifor bygda er så viktig. Argument på samfunnsnivå ser på bygda si tyding for samfunnet (Skaare, 2009, s. 82-87).

Litteraturen viser til tre hovudårsaker til skulenedlegging: kommuneøkonomi, nedgang i elevtal og kvaliteten på skuletilbodet. Utdanningsdirektoratet (Udir) har gjennomført ein analyse av skulenedleggingar. Hovudfunna var at det vart lagt ned 39 skular skuleåret 2020-2021, som er færre enn gjennomsnittet dei siste ti åra. Same år vart det oppretta 16 nye skular, sju av desse private. For ti år sidan var det 252 fleire grunnskular enn i dag. Tal på nye og nedlagte skular varierer frå år til år, men den mangeårige utviklinga med at det vert færre skular held fram (Utdanningsdirektoratet, 2021).

Vidare fortel Utdanningsdirektoratet at det særleg er skular med færre enn 100 elevar som vert lagt ned. I gjennomsnitt hadde dei skulane som vart lagt ned i 2020-2021 43 elevar det siste driftsåret. I gjennomsnitt dei siste ti åra har talet vore 67 elevar det siste driftsåret. Statistikk frå Utdanningsdirektoratet syner kor mange skular som er lagt ned, og kor mange skular som er oppretta, basert på fylke:

Fylke	Skular som er lagt ned	Skular som er oppretta
Viken	68	55
Vestland	63	19
Innlandet	57	15
Vestfold og Telemark	53	22
Troms og Finnmark	51	18
Nordland	50	16

Trøndelag	45	27
Møre og Romsdal	43	11
Rogaland	21	21
Agder	20	20
Sogn og Fjordane	9	2
Oslo	3	18

(Utdanningsdirektoratet, 2022)

Tabellen frå Utdanningsdirektoratet syner at distriktsfylke som tidlegare Sogn og Fjordane, noverande Vestland, Innlandet og Troms og Finnmark har mista mange skular, medan Oslo har fått mange nye skular og mista få. Tendensen er altså at det vert lagt ned fleire skular i distrikta, samtidig som det vert oppretta færre nye der. I større og meir sentrale område vert det ikkje lagt ned så mange skular, men heller oppretta fleire.

Kommunane fekk i 1986 det fullstendige økonomiske ansvaret for drifta av grunnskulane. Det kom ei samla overføring frå staten som skulle gje større handlingsrom til kommunane, og som skulle gjere det enklare å sjå ressursbruken frå dei ulike sektorane for tenesteyting i samanheng. Det har vist at for mange kommunar kan nedlegging av små skular i kommunane hjelpe kommunane til å få kommunebudsjettet i balanse (Solstad, 2017).

I ei kartlegging gjennomført i 2015 (Solstad & Solstad 2015, Solstad, 2017), kjem det fram at dei to vanlegaste grunnane for skulenedlegging som er vist til frå kommunenivå, er lågt og minkande elevtal, samt kommuneøkonomi. Desse to grunnane utgjer ca. 70-80% av tilfella. Den tredje grunnen som blir trekt fram er omsyn til kvaliteten på skuletilbodet. Når det vert vist til slike omsyn, vert det gjerne avgrensa til å handla om det som kjem fram i nasjonale og internasjonale prøvar i nokre fag (Solstad, 2017).

I Solstad sin artikkel «Nedlegging av skular – grunnar og konsekvensar», kjem det ikkje fram noko om kva nedgang i elevtal tyder (Solstad, 2017). Utdanningsdirektoratet fortel at ved planlegging av skulestruktur og behovet for lærarar, kan endringar i elevtal ha stor tyding for kommunane (Utdanningsdirektoratet, 2019).

Vidare fortel SSB at dei ventar ein nedgang i elevtal i grunnskulen framover, og at det i 2028 vil vere ein nedgang på fire prosent frå dagens nivå (SSB, via Utdanningsdirektoratet, 2019). Dette kan både påverke og ha store konsekvensar for kommunane når det gjeld skulestruktur og behovet for lærarar i tida framover. Det er verdt å peike på at denne nedgangen er større i distriktskommunar. På bakgrunn av dette kan ein seie at tydinga av skulenedlegging for lokalsamfunnet er avgrensa til å handle om ein betring av kommuneøkonomien. Forskinga viser at det ikkje er ein eintydig samanheng mellom skulenedlegging og fråflytting. I Danmark finn Svendsen & Sørensen (2016) at konsekvensar av skulenedleggingar er at familiar flyttar på grunn av at det er færre born i barnehagen, borna skiftar skule, det vert meir pendling og mindre samhald lokalt. Samtidig viser andre studiar at det ikkje er klar samanheng mellom skulenedlegging og fråflytting (Egelund & Lausten, 2006, via Villa, 2016, s. 178). Sjølv om skulenedlegging kan føre til at lokalsamfunna er mindre attraktive for tilflytting og kan gje negativ utvikling for lokalsamfunnet, er det også fleire faktorar som påverkar flytting og val av bustad.

Utdanningsdirektoratet (2018) framhevar at det både er fordelar og ulemper med eit sentralisert skuletilbod. Fordelar er at det kan vere enklare å rekruttere lærarar ved ein større og meir sentral skule, der det er fleire kollegaer og eit større sosialt og fagleg miljø. Ulemper er at det vert lang reiseveg, noko som først og fremst er utfordrande for elevane, men også for dei tilsette og foreldra. Elevar får mindre tid til lekser og fritidsaktivitetar, tilsette må bruke meir tid på reising til jobb, og foreldre må bruke tid på å køyre ungar til skule eller fritidsaktivitetar. Lokalsamfunnet kan også verte påverka negativt av ei nedlegging av den lokale skulen ved at ein viktig institusjon forsvinner eller at lokalsamfunnet ikkje blir så attraktivt. Dette er det som oppgåva fokuserer på.

I tillegg ser ein at kommunar der det er spreidd busetnad, mindre skular og lågt elevtal per trinn, har høgare utgifter samanlikna med kommunar med store, meir sentraliserte skular. Det er fleire faktorar som styrer oppretting og nedlegging av skular, deriblant folketalsutvikling, lovverk og økonomien til kommunen og prioriteringar. Ein ser likevel at den mangeårige utviklinga med skulenedleggingar fortset, samtidig som tal nedleggingar flatar litt ut (Utdanningsdirektoratet, 2018).

Storleik og kvalitet

Det er ulike meiningar om korleis storleiken på skulen heng saman med kvaliteten i opplæringa. Eit sentralt spørsmål knytt til skulenedlegging er om det er mogleg å halde oppe ein god skule når elevtalet tilseier at det heller er grunnlag for mindre einingar. Solstad (2009) slår fast at dei små skulane er på same høgde med store skular når det kjem til å fremje læring og utvikling hjå barn og unge, på bakgrunn av på både norsk og internasjonal forskning.

Thomas Nordahl og Petter Skarheim har lukkast med budskapet som seier at skular må vere store for at ein kan vere sikker på at skulane er gode (Solstad, 2017). Det er fleire som er ueinige i dette, og som peikar på at ei slik forståing er metrosentrisk, altså at ein umedviten set likskapsteikn mellom det urbane og det universelle.

Kristin Halvorsen, tidlegare utdanningsministar frå SV, har slått fast at mange av skulenedleggingane handla om skular med få elevar, og at slike skular ikkje var gode nok fagleg. I følgje Solstad gir ikkje dokumentasjonen som er nytta noko tydeleg konklusjon om ein slik samanheng. Solstad fortel at dette kan ha samanheng med at elevar på mindre skular oftare vil samhandle på tvers av kjønn og alder, noko som vil gje breiare og rikare kontaktflate enn elevar på store skular der ein ofte held seg til eiga aldersgruppe og medelevar av same kjønn (Solstad, 2017).

Skuleskyss og helseperspektivet

Når skulane ligg nære heimane ser ein at elevane unngår tidstap og mangel på fysisk aktivitet, som den lange skuleskyssen ofte fører til. Ein kan difor seie at ein desentralisert skulestruktur der det er skule nær heimen har fordelar også når det kjem til fysisk aktivitet. For mange av dei minste skulane, særleg der det var negativ utvikling i elevtalet og der skulenedlegging ikkje førte til veldig lang skuleskyss, kunne skulenedlegging vere naturleg og meir akseptert. I desse tilfella såg ein at motstanden mot nedlegging ikkje var fullt så sterk som i andre tilfelle. For opp mot halvparten av dei minste skulane som vart lagt ned, såg ein likevel at skyssavstanden var over halvanna mil.

Dette er mykje tid for skuleelevar som går utover tida deira til lekser og fritidsaktivitetar, samt naturleg mosjon i eit helseperspektiv (Solstad, 2009, s. 205). Det er dokumentert ei rekke uheldige sider ved skuleskyss. Forsking viser at elevar som er avhengige av skyss til skulen på grunn av lang avstand, er i dårlegare form enn dei som bur i nærleiken av skulen og kan sykle eller gå til skulen (Solstad, 2017). Ein kan difor seie at ein desentralisert skulestruktur har fordelar også når det kjem til fysisk aktivitet hjå unge (Solstad, 2009).

3. Forsking om lokalsamfunn og skulenedlegging

3. 1 Kva er eit lokalsamfunn?

Det finst ulike forståingar av kva lokalsamfunn er. Store norske leksikon (SNL) omtalar lokalsamfunn som «betegnelse for sted og sosialt miljø innenfor et mindre område» (Kjølsrud, 2014). Her kjem det fram at lokalsamfunn både er ein stad, og eit sosialt miljø innanfor ein stad. Dette skil seg frå den engelske tydinga av *community*, som er meir emosjonelt lada med assosiasjonar til tett, sosialt fellesskap, utan at det må vere ein avgrensa stad (ordet kan til dømes nyttast om nettsamfunn). I følgje Kjeldstadli (2017) er det første problemet med *community* at det er lite eintydig, og dekkjer mange dimensjonar. Kjeldstadli hevdar at det norske omgrepet *lokalsamfunn* er mindre mangetydig og knyter det til det territoriale aspektet. Samtidig ser ein at der er fleire forståingar av omgrepet. Det blir mellom anna nemnd at lokalsamfunn bør ha fellestrekk i ressursgrunnlag, produksjonsliv og materiell kultur. Det blir vidare nemnd høg grad av stabilitet, ei felles historie, noko som også opnar for felles tradisjonar. Felles tenkemåte og normer som inneberer kulturell homogenitet, saman med ei kjensle av å høyre til og deltaking i eit vi, eit fellesskap, er andre trekk ved lokalsamfunnet (Kjeldstadli, 2017). Kjeldstadli peikar vidare på at samhandling med menneske ikkje er så eintydig lokal som det klassiske omgrepet inneberer. *Community* impliserer ein for stor samanheng innad (Kjeldstadli, 2017).

I boka «Lokalsamfunn» skriv Nils Aarsæther at sjølv om eit lokalsamfunn kan vere prega av samarbeid og eit opplevd fellesskap, treng det ikkje nødvendigvis å vere ein harmonisk og kulturelt homogen, sosial fellesskap. Det kan like gjerne vere prega av djupe motsetningar og konflikter (Aarsæther, 2016, s. 135). Aarsæther legg vekt på at ei felles kjerne i oppfatning av lokalsamfunn er at det handlar om trekk ved «den samhandlinga som går føre seg mellom menneske som bur innafor eit geografisk avgrensa område» (Aarsæther, 2016, s. 136). Eit lokalsamfunn er her noko meir enn samling med hus og folk. For å kunne snakke om lokalsamfunn, bør det også vere ei viss grad av samhandling og ordningar. Aarsæther meiner også at det ligg ein egalitær undertone i ordet lokalsamfunn, altså ei førestilling om at dei som bur i eit avgrensa område skal oppfattast som likestilte borgarar. Når sosiologar likevel har stor interesse for lokalsamfunn, meiner Kjeldstadli (2017) at det er reint praktisk metodisk. Avgrensinga gjer det mogleg å handtere datamengda samtidig som ein kan studere eit heilt samfunn.

Lokalsamfunnet kan seiast å ha ein universell karakter, men eit manglande og svakt institusjonelt preg kjem til uttrykk ved at det ikkje er mogleg å finne ei felles oppfatning om kva lokal samhandling kan vere (Aarsæther, 2016, s. 136). Vidare legg Aarsæther vekt på at sjølv om lokalsamfunnet ikkje oppfyller dei typiske kjenneteikna for ein institusjon, hindrar ikkje det at enkelte lokalsamfunn kan ha så fasttømra ordningar for utøving av lokale felleshandlingar at det får institusjonelt preg. Aarsæther nemner skulen som institusjon og møteplass som døme på eit lokalsamfunn (Aarsæther, 2016, s. 140). Også foreldra vert kjende med kvarandre gjennom borna si aktive deltaking i skulen. På den måten kan skulen som ein enkelt institusjon utvide seg til eit større lokalsamfunn.

Lokalsamfunnsomgrepet, antropologen og lagnaden til det lokale

Omgrepet lokalsamfunn, som kanskje er aller mest knytt til ein sosiologisk tradisjon, har også sin solide plass i antropologisk historie. Det kjem i form av «community studies».

Community i den engelske litteraturen er synonymt med «landsby» (village).

«Lokalsamfunn» får i den sosiologiske tradisjonen sin meining sett opp mot «samfunn» (society), der lokalsamfunn står for det tradisjonelle, for kjenslemessige band mellom «heile personar», og «samfunn» som står for sosiale einingar basert på rasjonelt motiverte og instrumentelt orienterte relasjonar

Lokalsamfunn er samfunnsvitskapleg grunnleggjande, særleg knytt til ei historisk utvikling, og er samstundes både eit vitskapleg og eit folkeleg omgrep (Bringslid, 2016). Norsk antropologisk tradisjon for lokalsamfunnsstudiar er knytt til den engelske, der det finst etnografiske førebilete så vel som teoretiske modellar. Ein viktig del av communitydebatten har rot i oppgjeret med den såkalla *strukturfunksjonalismen* og går tilbake til 1950- og 60 talet sine studiar, som Ronald Frankenberg og Isabel Emmet sine studiar frå lokalsamfunn i Wales (Frankenberg 1990, Emmet 1964). I studiane tek dei eit oppgjer med førestillinga om lokalsamfunnet som ei funksjonell, «organisk» eining der folk er økonomisk og strukturelt avhengige av kvarandre, som noko folk lever innanfor (Bringslid, 2016, s. 56).

Den lokale fellesskapen blir til ved at samlande symbol blir skapt og attskapt i samhandling. Medan Frankenberg legg størst vekt på samhandling omkring lokale «hendingar», framhevar Emmet det å høyre heime, til forskjell frå institusjonar som grunnlag for lokale fellesskap. I følgje Emmet er det uformell gruppedanning mellom vener, naboar og slektningar som er lokalsamfunnet, ikkje formelle institusjonar som til dømes kyrkja. Denne kritikken er kanskje først og fremst eit oppgjer med gitte, naturlege føresette einingar (Bringslid, 2016). Korkje lokal økonomi, geografiske grenser eller formelle institusjonar er lenger det avgjerande for dei lokalsamfunna som blir analysert. Sjølv om både Frankenberg og Emmet problematiserer den gamle førestillinga om landsbyen som ei gitt eining, er dei likevel det vi gjerne kallar holistiske i sine innfallsvinklar til livet i desse småsamfunna. I begge sine analysar finst blikket for kva funksjon sosiale hendingar og handlingar har i forhold til den lokale fellesskapen. Lokalsamfunn er kanskje ikkje lenger «gitt», men dei har framleis implikasjonar om fellesskap; noko som handlingane er retta mot (Bringslid, 2016, s. 57).

Attraktive lokalsamfunn

Sjølv om skulenedlegging kan føre til at lokalsamfunna er mindre attraktive for tilflytting og kan gje negativ utvikling for lokalsamfunnet, er det også andre faktorar som påverkar flytting og val av bustad (Hagen 1992, Båtevik mfl 2013, Autti & Hyry Beihammer 2014, via Villa 2016, s. 179). Distriktskommunar har lenge arbeida med å vere attraktive for både innbyggjarane og næringslivet. Dette arbeidet har vore ein del av den nasjonale distriktpolitikken gjennom finansiell og kunnskapsmessig støtte til utviklingsprosjekt.

Kommunal- og regionaldepartementet oppretta «Distriktssenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling» i 2008. Senteret er ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig utvikling av lokalsamfunn i distrikta. Distriktssenteret oppsummerer eksisterande kunnskap om resultat og effekt av distriktskommunane sitt arbeid med å rekruttere og halde på innbyggjarar. Vidare peikar Distriktssenteret på at nokre kommunar i avgrensa grad kan påverke netto befolkningsutvikling. Dei kan derimot i noko grad påverke utviklinga indirekte, gjennom lokalt utviklingsarbeid med mål om å styrke attraktiviteten til kommunen/regionen. Dette omfattar innsats retta mot arbeidsmarknad og næringsutvikling, bustadar og miljø, fysiske kvalitetar knytt til stad, kultur- og fritidstilbod, møteplassar, informasjon og rettleiing, omdøme og fysisk og digital infrastruktur (NOU 2020:15, s. 75).

Telemarksforsking har analysert det dei kallar suksessrike distriktskommunar, oppfatta som dei kommunane som har hatt sterkare vekst i arbeidsplassar eller tal på innbyggjarar enn det dei strukturelle forholda skulle tilseie. Det vert også understreka at kommunane har ulike strategiar og satsingsområde på vegen til å bli attraktive, men det er likevel nokre kjenneteikn som er felles for kommunane. Det er gitt ein følgjande anbefaling om kva som bør kjenneteikne ein utviklingskultur som kan skape ein attraktiv kommune. NOU-en «Det handler om Norge – Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene» peikar på fleire punkt som er viktig for attraktivitet i bygdene og kommunane. Mellom anna er fokuset på at attraktivitet blir skapt i samspel relevant. Det gode samspelet mellom kommunen og andre aktørar krev høg tillit, som må skapast gjennom openheit, dialog og gode prosessar. I tillegg må kommunane ha kontinuerleg fokus på attraktivitet og lang tid saman med resten av samfunnet (NOU 2020:15, s 75).

Det er vurdert effektar av statleg innsats for regional utvikling og distriktpolitiske mål, både verkemiddel med distriktpolitiske mål og generelle verkemiddel (NOU 2020:15, s. 75). Eit av tiltaka er: «Statlig politikk overfor kommunesektoren er av stor betydning for regional utvikling og distriktpolitiske mål. Effektutvalet mente at statens politikk overfor kommunesektoren er blant de politikkområdene som har størst regional effekt» (NOU 2020:15, s. 76).

Samansetnad av alder i distriktskommunar bidrar til at dei i utgangspunktet har låge skatteinntekter og høge utgifter. Inntektssystemet for kommunane skal omfordele inntektene frå kommunar med lågt utgiftsbehov til kommunar med høgt utgiftsbehov. I tillegg til alderssamansetnad blir det også teke omsyn til mellom anna smådriftsulemper og reiseavstandar som gir høge utgifter i distriktskommunar (NOU 2020:15, s. 76).

Å stå fram som attraktive lokalsamfunn og attraktive kommunar er altså viktig av fleire årsaker. Det vil mellom anna i stor grad påverke både skatteinntekter og utgifter. Dette er i seg sjølv viktig for å utvikle lokalsamfunna og kommunane. Attraktivitet for busetnad gir kommunane større handlingsrom då skatteinntektene blir større, noko som igjen gir eit betre grunnlag for at tenestene og velferdstilboda skal bli gode. Dette er i seg sjølv ein særskilt viktig grunn for å arbeide med attraktivitet, og det kontinuerlege arbeidet med å gjere lokalsamfunn og kommunar meir attraktive og skape eit positivt omdømme.

Vidare peikar Lysgård & Cruickshank på at medan regionalforskning og regional- og distriktpolitikk tidlegare var opptatt av flytting og arbeidsplassar, ser me etter kvart ein stigande erkjenning av at lokalsamfunna står overfor ein anna og avgjerande utfordring: Korleis skal lokalsamfunnet sine innbyggjarar identifisere seg med staden? Korleis vil innbyggjarane at lokalsamfunnet skal utvikle seg? Kva behov og ideal skal styre utviklinga, og kven skapar lokalsamfunnet? (Lysgård & Cruickshank, 2016, s. 95).

For lokalsamfunna er attraktivitet og omdømme sentrale omgrep. Desse omgrepa går inn i ein stadig pågåande diskusjon om identitet knytt til stad; kva og kven som høyrer til på staden. Lokalsamfunn er ikkje berre til på ein marknad, men utgjer eit økonomisk, kulturelt og sosialt fundament for dei lokale innbyggjarane sine kvardagsliv. Attraktivitet er eit sentralt omgrep når det gjeld forskinga på lokalsamfunn (Lysgård & Cruickshank, 2016, s. 97).

3. 2 Kva er stad?

Lokalsamfunn er i stor grad knytt til omgrepet om stad. Teoriar om stad blir utfordra av fleire ting. For det første vert stadar, og kva folk oppfattar som stadar, endra. For det andre vert det utfordra av politiske prosessar: Kan og bør utvikling av stad bli styrt, og korleis kan eventuelt stadar bli påverka? Kva er konsekvensane, og kven er det konsekvensar for? For det tredje inspirerer nye teoretiske trendar nye spørsmål; «hvilke betydninger har de såkalte språklige, kulturelle, materielle og emosjonelle og mobile vendinger innen samfunnsvitenskap og humaniora hatt for forståelsen av sted?» (Aure et al., 2015, s. 14).

Det er mange trekk i samfunnsutviklinga som gjer stadar viktige og gjer at nye perspektiv på, og teoriar om, stad, vert utvikla. Auka mobilitet på verdsbasis, meir merksemd på flyt av menneske, produkt og idear og meir intense globaliseringsprosessar har i mange år vore brukt som grunngevingar for å studere samfunnsmessige fenomen på nye måtar. Dette har også involvert spekulasjonar og spådomar om at stadar anten blir mindre viktige (Castells, 1996), eller viktige på andre måtar enn tidlegare (Castree, 2013). Ein bør heller drøfte ulike tydingar av stad i diskusjonar om heimstad, stadtilhøyrse- og identitet, attraktiviteten til staden, utvikling av staden og forholdet mellom det lokale og globale (Aure et al., 2015, s. 15).

Det er problematisk, nærmast umogleg, å svare på kva ein stad er. Om ein rettar søkelys på korleis ein stad kan bli forstått, etterlyser ein vitskapsteoretiske tilnærmingar sin forståing av stad, men også ulike inngangar til å forstå stadar. Spørsmålet om kva ein stad er og korleis dei kan bli forstått og skapt, heng tett saman.

Staddimensjonen handlar både om det sosiale og fysiske ved stadar. Det inkluderer stadar som sosiale arena, symbol, natur og bygde omgjevnadar. I dei seinare åra har ein ofte sett studiar av tilknytning til fleire stadar, slik som fritidsbustadar med meir, men sosialpsykologien har ofte fokusert på nabolag (Lewicka, 2011, via Aure et al., 2015, s. 198). Her ser me fleire likskapstrekk til lokalsamfunnsomgrepet, særleg knytt til det sosiale ved stadar som er tett knytt opp til lokalsamfunnsomgrepet. Dette syner at desse omgrepa kan gå på tvers og ha noko av den same tydinga.

Det kan vere vanskeleg å setje eit tydeleg skilje mellom stadomgrepet og lokalsamfunnsomgrepet. Lewicka (2011) meiner at tilknyting til stad er blitt viktigare, ikkje mindre viktig, i den moderne verda. Tilknyting til stad er eit universelt fenomen som tek inn ulike former og kjem til uttrykk på ulike måtar (Aure et al., 2015, s. 200).

Agnew (1987) slo fast at i geografifagleg arbeid kan ein identifisere tre komplementære dimensjonar ved stad. For det første kan ein forstå stad som ein lokalisering, som eit fysisk område som danner bakgrunnsramme for økonomisk og anna samfunnsmessig aktivitet. Det er denne stadforståinga som ligg til grunn når kommunar, fylker og staten skal finne ut kvar det er mest hensiktsmessig å lokalisere skulane. For det andre vert stad sett på som «sense of place», som ein opplevings- og kjenslemessig dimensjon ved stad, ein stad det vert knytt kjensler til. Denne typen av forståinga for stad kan vere på kollisjonskurs med fokuset knytt til lokalisering. Folk har kjensler for lokalsamfunnet og bygda, uavhengig av kriteria for lokalisering. Den tredje dimensjonen handlar om «locale», og er ein setting for kvardagen sin sosiale interaksjon (Aure et al., 2015, s. 16, Berg & Dale, 2005). Det handlar om lokalsamfunn som arena. Her blir lokalsamfunn det folk gjer lokalsamfunnet til. Om skulen vert lagt ned og flytta, og kvardagslivet får eit nytt mønster, vert lokalsamfunnet endra. Agnew koplar forståing av stad som lokalisering til ein positivistisk tilnærming og til økonomisk geografi. Forståinga av stad som viktig på eit kjenslemessig plan vert forankra i ein humanistisk tilnærming og kulturgeografi, og forståinga av stad som kontekst vert forbunde med teori om strukturering og sosialgeografi. Utover 1900-talet vart også globaliseringa si tyding trekt inn i teorien om stad (Aure et al., 2015, s. 16, Berg & Dale, 2005, s. 41).

Fokus på nabolag og lokalsamfunn i miljøpsykologien heng òg saman med at stadtilknyting blir sett på som ein fenomenologisk erfaring: erfaringar som gjer abstrakte rom om til personlege og meningsfulle stadar. Det er med andre ord berre små og lokale stadar som gir moglegheit for direkte erfaringar. Med andre ord; bustadar og nabolag blir dei ultimate stadane som kan bli erfart. Regionar vert for store til å oppleve tilhøyrse til stad (Tuan, 1977, via Aure et al., 2015, s. 203). Samtidig viser forteljingar om stad i studien at tilhøyrse ikkje alltid er bygd frå nabolag og utover, men heller basert på samspel der tilknytning til by kan vere like viktig som nabolag (Aure et al., 2015, s. 203).

Modernisering og globalisering – den moderne staden

I følgje Aarsæther skulle etter alle solemerke interessa for lokalsamfunnet blitt mindre som følgje av utviklingstrekk i samfunnet (Aarsæther, 2016). I første omgang skulle interessa for lokalsamfunnet minske som eit resultat av moderniseringsprosessen, før den i andre omgang skulle minske som følgje av den økonomiske og kulturelle globaliseringa. Aarsæther peikar på at dette er fenomen som ikkje gir uttrykk for å skulle favorisere lokalsamfunnet.

Å snakke om tilknytning til stad tematiserer kva stadar ein refererer til, og kva tilknytning det handlar om. Mange miljøpsykologiske studiar byggjer på ein *konsentrisk stadskala*, der mindre stadar blir sett som omslutta av større stadar, «som ringer i vann, fra hus til verdensdel. De innerste og mindre stedene forstås som mest «lokale». Denne tankegangen ser gjerne på tradisjonelle småsamfunn som «strengt lokaliserte og avgrenset til bygder og landsbyer» (Lewicka, 2011, via Aure et al., 2005, s. 200), medan moderne samfunn vert sett som større og er prega av mobilitet og globalisering. Nina Gunnerød Berg fortel at ein stad som er viktig for dei fleste, anten det er ein positiv eller negativ oppfatning av det, er lokalsamfunnet ein er ein del av. Til tross for at stadig fleire kan skildra seg som globale og mobile verdsborgarar, lever dei fleste sine kvardagsliv i lokale miljø, der dei bur (Berg, 2016).

Solstad & Thelin fortel at heim, grannelag, lokalsamfunn, skule og arbeidslivet på staden tidlegare var dei dominerande påverknadskjeldene for born og unge. I dag er det derimot ein nasjonal, til og med global, informasjonsstraum som er ein sterk konkurrent til dei tradisjonelle formidlarane av kunnskapar, haldningar og verdier (Solstad & Thelin, 2006, s. 152). Ein tettare kommunikasjon mellom til dømes land og by og nord og sør, ser ut til å svekke skilnadene i åtferdsmønster, prioriteringar og kommunikasjonen mellom folk i ulike geografiske område og verdsdelar, mellom spreidde bygder og tettstadar og mellom periferi og sentrum. Det meste av ny kunnskap og nye trendar blir produserte i økonomiske, politiske og kulturelle tyngdepunkt, dei større byane, og fanga opp og formidla gjennom desse urbane kanalane. Det kan vere grunn til å tru at det er særleg urbane kulturelement og ei urban livsform som blir formidla (Solstad & Thelin, 2006).

Med utviklinga som er skissert kan det føre til at det er mindre meining å snakke om lokalsamfunn i tydinga av geografisk avgrensa område der folk har brei kontakt, og deler eller er kjende med kvarandre sine oppfatningar av kva som er rett og viktig. Ofte har innbyggjarane i lokalsamfunna nokre samanfallande idear om, og prioriteringar for, korleis framtida bør sjå ut for innbyggjarane i lokalsamfunnet. Eit døme var under EU-røystingane i Noreg der det å flagge positiv haldning til EU på enkelte stadar langs kysten i nord kunne vere det same som å melde seg ut av lokalsamfunnet. I så fall var det snakk om det ein kunne kalle særleg sterke lokalsamfunn. Den generelle utvatninga av fellesskapen for folk som bur nær kvarandre geografisk, har fått enkelte samfunnsvitarar og bygdeforskarar til heller å bruke det meir nøytrale, reint geografiske «stad». Det er ikkje lenger utan vidare gitt at folk som bur nær kvarandre på eit geografisk avgrensa har så mykje felles, altså at dei utgjør eit samfunn» (Solstad & Thelin, 2006, s. 153).

I følgje Solstad & Thelin er det gjerne nokre spesielle kjenneteikn ved kvart bustadområde og kvar stad som skil seg frå andre stadar, og som innbyggjarane i dei enkelte områda deler. Dette skjer likevel om ein del av arbeidsfellesskapen er borte. På tross av at arbeidsfellesskapen er sterkt redusert, kan fritidsfellesskapen vere sterkare enn før. Det kan difor, på same måte som før, gje meining å snakke om at stadar der det bur folk og representerer lokalsamfunn som er varierende i styrke med omsynet til kjensla knytt til fellesskap og den lokale forankringa (Solstad & Thelin, 2006, s. 154).

I følgje Berg & Dale er utgangspunktet at globaliseringa omfattar økonomiske, sosiale og kulturelle endringsprosessar. Det er ein samansett og kompleks prosess, godt hjulpe av nye og betra transport- og kommunikasjonsmoglegheiter, som fører til ein aukande og raskare straum av menneske, varer, kapital, idear og informasjon i verda (Berg & Dale, 2005, s. 46). I aukande grad, uavhengig av stad, blir ein utsatt for dei same impulsane og påverknadane, og ulike stadar vert meir avhengige av kvarandre. I følgje Berg & Dale fører på mange måtar globalisering til at dei ulike delane i verda blir meir like på det økonomiske, politiske og det kulturelle plan. Geografar argumenterer for at stadar er like viktige som før, men på nye måtar. Globalisering fører også til differensiering, ikkje berre homogenisering, ved at det blir skapt nye forskjellar mellom stadar.

I følge Berg & Dale er stadar blitt meir bundne saman og gjensidig avhengige av kvarandre, men er framleis forskjellige og unike med sine kjenneteikn og særtrekk (Berg & Dale, 2004, s. 47). Berg & Dale fortel at det i kjølevatnet av globaliseringa har blitt nødvendig å ta ei ny vurdering av kva ein stad er. Den tidlegare vanlege forståinga av «steder som atskilte og enestående» er gradvis forlatt til fordel for oppfatning av stadar som både er unike, men også bundne saman og gjensidig avhengig av kvarandre. Den demografiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga på staden vert stadig meir avhengig av institusjonar, nettverk og utviklingstrekk både nasjonalt og internasjonalt (Berg & Dale, 2004, s. 48).

Massey (1995) lanserte omgrepet «Global sense of place» for å få fram at det har vore ei utvikling av samfunnet der ein også har blitt meir oppteken av modernisering og globalisering. Når ein ser på relasjonane som folk som bur der har til andre stadar i verda gjennom internett, gjennom arbeids- og fritidsreiser og besøkande, kan ein seie at lokalsamfunn ikkje er ei avgrensa eining. Massey lanserte eit relasjonelt stadomgrep som har blitt vidareutvikla. Det grunnleggjande i den relasjonelle forståinga er for det første at stadar er opne; relasjonar som strekker seg utover det lokale. For det andre handlar det om at stadar er dynamiske på grunn av nye relasjonar og interaksjonsmønster som oppstår. For det tredje inneberer relasjonelt stadomgrep at stadar er gjensidig avhengige av kvarandre, og for det siste handlar det om at menneske og stadar er gjensidig konstituerande (Berg & Dale, 2004, s. 49). Også informantane gir uttrykk for at lokalsamfunnet forstått som relasjonar strekker seg utover nærmiljøet, og utover lokalsamfunnet.

3. 3 Forsking på konsekvensar av skulenedlegging for bygdesamfunnet

Eit tema som eksemplifiserer normativitet har vore det aukande hegemoniske perspektivet til bygdeskular som mangelfulle skular, og mangelfulle versjonar av større byskular både i formell og uformell læring. Kvalsund seier at sett frå dette perspektivet er små bygdeskular noko ein kan legge bak seg. Perspektivet mot det er at det er viktig å halde på skular i bygdene og lokalsamfunna.

Ei langvarig endring av innhaldet deira for å passe betre med urbane verdiar i læring og undervisning, representerer ein direkte utfordring for rolla som skulane eigentleg skal spele i stadbasert identitetsbygging og lokalsamfunnet sin kamp for å overleve. Basert på dette kan ein seie at det berre er byar som er aktuelle stadar for plassering av skular (Kvalsund, 2019, s. 183). Dette med metrosentrisme, at det er fokusert mykje på byområde i skuleforskning, er vesentleg. Det har også konsekvensar for lokalsamfunna i distrikta.

Lokalsamfunnet kan gå glipp av kvaliteten som skular i distrikta har. Når lokalsamfunnet blir brukt i undervisninga vil elevar som går på skular som er sentraliserte gå glipp av vesentleg kunnskap om lokalmiljøet sitt, og elevane blir ikkje like godt kjende med sitt eige lokalmiljø. Desse elevane lærer heller indirekte at staden dei kjem frå ikkje er verdt noko. Til dels fordi at pensum er laga ut frå ei urban norm, og dels ved at heimstaden ikkje har eigen skule og dermed ligg utanfor (Kvalsund, 2019).

Det hegemoniske normalitetsomgrepet har lenge vore, og ser framleis ut til å vere, urbant. Konseptet med avvik eller dekonstruksjon av bygdeskular kan bli observert igjen og igjen i fleire enkelttilfelle av nedlegging av små bygdeskular, som utelukkande har vore basert på økonomiske argument referert til i økonomiske rapportar framfor forskning. Rapportane tek ikkje føre seg vurdering av kvalitetar og verdiar som dei små bygdeskulane får gjennom å vere stadbaserte og stadmedvitne. I følgje Kvalsund har det også vore døme på at utdanningsforskarar oppmodar til nedlegging av bygdeskular utan å forankre dette i relevant forskning (Kvalsund, 2016, s. 184).

3. 4 Skulen si tyding for lokalsamfunnet

For å syne spenningane i diskusjonane om skule og lokalsamfunn, nyttar Kvalsund og Heargraves to omgrep, henta frå Habermas, nemleg *systemverdperspektiv* og *livsverdperspektiv* (Kvalsund & Heargraves, via Villa, 2016, s. 180). I systemperspektivet ser ein skulen utanfrå og ovanfrå. Skular og lokalsamfunn vert ikkje forstått ut frå sine lokale premiss, men som avvikversjonar av større urbane einingar. Frå eit livsverdperspektiv kan det å bu i spreiddbygde område og små lokalsamfunn ha ein verdi i seg sjølv.

Skulen sin funksjon, også om den er liten, kan setje folk i stand til å leve meningsfulle liv der dei bur (Villa, 2016, s. 180). På den måten er ikkje skulen berre til for det pedagogiske og det faglege, men også for eit større samfunnsfagleg perspektiv.

Karl Jan Solstad framhevar at dei små bygdeskulane har mykje å seie for den enkelte staden, grenda, bygda og lokalsamfunnet. Skulen er ein viktig arena og ein viktig møteplass, særleg for dei samfunna der skulen gjerne er den einaste samlingsplassen der innbyggjarane kan møtast. Solstad peikar på fire viktige område der skulen kan yte tenester i lokalsamfunnet, og på den måten fremje generelt læringsarbeid i skulen; undervisning og omsorg, skulen som lokalt bygde- og servicesenter, skulen som sosialt fellesskap, og skulen som kulturberar (Solstad, 2009, s. 204). Vidare peikar Solstad på at dersom skulen skal fylle verdifulle oppgåver for læring, identitetsutvikling og lokalsamfunnet, er det viktig at det er skule i nærmiljøet. Om heile landet skal utviklast, og dersom folk skal bu i utkantane og i lokalsamfunn på mindre stadar, må dei grunnleggjande tenestetilboda vere innretta etter det. Ein kan utan tvil påstå at barnehage og skule er slike grunnleggjande tilbod (Solstad, 2009, s. 205).

Mariann Villa (2016) har gjort ein studie basert på fokusintervju om skulen sin tyding for små lokalsamfunn. Villa illustrerer skulen som «ein naturleg samlingsplass», og peikar på at skulen er limet som held alt saman. Limet fungerer slik at det «knyter i hop folket i bygda». Det vert også sagt i intervjuet at samfunnet gradvis vil rakne om det ikkje er skule der. Om ein mister skulen ser ein føre seg at det som er igjen i lokalsamfunnet etter kvart forsvinn som ein «dominoeffekt». Skulen er ein felles arena og møteplass og legg grunnlag for at ein til dømes har eit idrettslag med tilhøyrsløse til staden (Villa, 2016, s. 184).

Vidare fortel Villa (2016) at skulen er opplevd som avgjerande for lokalsamfunnet sin attraktivitet og evne til å rekruttere nye innbyggjarar. Utflyttarar kjem gjerne tilbake til heimbygda for å delta på 17. mai- eller juletreff på skulen, noko som bidreg til å stadfeste lokalsamfunnet si tyding for dei som bur der (Villa, 2016, s.187). Nokre var inne på at folk vil flytte dit det framleis er skule. Enkelte sa også at det hadde vore uaktuelt å busetje seg i bygda om det ikkje var skule, sjølv om det var heimbygda (Villa, 2016, s.188).

Villa sa også at «skulen er framstilt som ein samlingsplass som viser kva verdiar eller kompetanse som finst i bygdesamfunnet – og til forskjell frå eit større eller meir urbant samfunn» (Villa, 2016, s. 191). Her er Villa inne på at skulen er ein viktig samlingsplass i bygdesamfunnet. Ei nedlegging av den lokale skulen vil difor ikkje berre få konsekvensar for elevane som går der og familiane deira, men kan også få konsekvensar for eit heilt lokalsamfunn. Villa oppsummerer studien med to hovudforteljingar om lokalsamfunnet. Den eine er om eigenskapar og kvalitetar som ein opplever som vesentlege i lokalsamfunn. Desse forteljingane kan vere med på å skape og halde ved like lokalsamfunnet, og vise kva *sosial kapital* kan vere i praksis. Den andre forteljinga er om lokalsamfunnet som posisjonerer seg i forhold til andre lokalsamfunn og mot sentraliseringsprosessane: dette er forteljinga om korleis sentraliseringsprosessar er opplevd frå lokalt nivå (Villa, 2016, s. 192).

I følge Villa vert høg kapital sett på som både eit gode for samfunnet, og som ein ressurs som kan forvitre. Velferdsmodellen ein har i Skandinavia er vurdert til å vere gunstig for å utvikle sosial kapital, samtidig som det er etterlyst meir kunnskap om korleis ein kan legge til rette for, og styrke, denne kapitalen (Hvinden & Gissinger, 2005). Autti og Hyry-Breihammer (2014) ser på sosial kapital som «ein dynamisk og kontekstuell ressurs, som utvidar seg eller krympar over tid».

I studien til Villa har innbyggjarane ressursar til å yte motstand mot nedlegging. Vidare fortel Villa om Taghizadeh (2016) som undersøkte lokale interessegrupper med tanke på ressursar som det er krav til for å hindre skulenedleggingar, mellom anna foreldre- og bygdenettverk. Taghizadeh har funne ut at det er større sjansar for å halde på skulen om ein kan kome med informasjon som er relevant for det politiske, eller kome med ny informasjon om det økonomiske. Den politiske relevante informasjonen kan til dømes vere knytt til økonomi eller reknestykke basert på demografi eller busetnad. Mykje av tematikken til Villa handlar om skulane og lokalsamfunna sine sosiale sider, og kva som kan skje med bustadmønsteret. Det er forteljingar om skulen si rolle som syner at ein god del sosial kapital vert forvalta og utvikla rundt skulen.

Amcoff (2012) seier at konsolidering har skjedd gjennom ei oppfatning av at dei små skulane har gjeve dårlege resultat og har vore underlegne dei større skulane. Dette inneber at nedlegging av dei små skulane ikkje kan bli forklart gjennom demografisk fråflytting åleine. Det kan vidare sjåast i ein kontekst av førestillingar om at ressursar er betre i dei urbane områda enn i byane, i tillegg til urbanisering.

I Ydre kommune i Sverige har Magdalena Cedering (2016) gjort ein studie med der 25 personar er intervjuar. Bakgrunnen for studien var ei skulenedlegging i kommunen. Både barn og foreldre er intervjuar, og studien tek føre seg korleis nedlegging av skulen pregar elevane, familiane og lokalsamfunnet. Cedering meiner at planleggjarar ikkje har nok innsikt i korleis nedlegging påverkar dagleglivet til folk og har derfor i studien brukt tidsgeografisk perspektiv for å vise korleis tidsmessige og geografiske prosessar endrar kvardagslivet til familiane reint fysisk. Ho poengterer også at måten kommunen handlar og grunnlegg nedlegging på har tyding for korleis det vert motteke hjå innbyggjarane. Båtevik m. fl. (2013) peikar på at dette også gjeld i Noreg, og at skulenedlegging på denne måten kan svekke tiltru til lokale politikarar og lokalt engasjement. Skulenedlegging kan bli forstått ut i frå både eit romsleg perspektiv og eit sosialt perspektiv. Informantane i studien var særskilt knytt til den lokale nærskulen. Det sosiale fellesskapet er viktig. For familiane det handlar om er det ofte tida for borna sin skulegang og aktivitetar som styrer mykje av familien sitt kvardagsmønster, og dermed også familien sine arbeidstider (Cedering, 2016, s. 139).

Ei nedlegging av skulen kan få store konsekvensar for kvardagen til familiane. Nokre av konsekvensane som vart peika på i studien var at det vart lengre reisetid, og å treffe vener og delta på fritidsaktivitetar vart meir utfordrande. Det innebar også at nokre av borna slutta med fritidsaktivitetar då dagane vart for lange og krevjande. Familiane fekk endra kvardagsmønsteret og rutineane sine i stor grad (Cedering, 2016). I studien vart viktigheita av å ha ein skule i bygda poengtert. Dette var viktig for at bygda skulle bli oppfatta som levande. Det openbare i studien var at skulen i bygda var ein styrke for bygda, og at denne styrken måtte vernast om. Skulen var viktig for det sosiale aspektet for elevane, i tillegg til at det var viktig som eit koplingspunkt som bygde sosiale kontaktar mellom foreldra og gav innbyggjarane høve til å bli kjende på tvers. I følgje foreldra har skulen også bidrege til å gje ei trygg kjensle for plassen og kjensla av å høyre til i bygda (Cedering, 2016, s. 156).

Det er ofte skulen som er samlingsarenaen i bygda, og det er ofte på skulen dei ulike aktivitetane skjer. Det vart også vist til at det vart vanskelegare å oppretthalde det sosiale nettverket og møtepunktet om skulen vart lagt ned. På bakgrunn av dette sa Cederling at skulen er hjarta i bygda (Cederling, 2016, s. 50).

Skulenedlegging skjer ofte fordi kommunen skal spare pengar, samtidig som det syner seg at kommunen kan tape økonomisk på ei slik avgjerd. Døme på dette er dersom det fører til fråflytting frå kommunen, eller hindrar tilflytting til kommunen. Om skulane i distrikta vert lagt ned kan kommunen likevel måtte bruke pengar, til dømes dersom ein må byggje ut den sentrale skulen i kommunen, eller byggje ein heilt ny skule for å sikre god kapasitet til alle elevane (Utdanningsdirektoratet, 2018). Ein veit allereie at den daglege reisa til skulen har fleire negative implikasjonar, som til dømes for lite søvn, mindre tid til fritidsaktivitetar og ulike fysiske plagar (Solstad, 2009., Aarsæther, 2016., Cederling, 2016). Å få nærskulen lagt ned kan altså bli opplevd som eit velferdstap. Vidare kan det også føre til færre lokale arbeidsplassar, særleg for menneske med høgare utdanning. Det kan også hindre unge familiar frå å slå seg ned i lokalsamfunnet og hindre tilflytting, noko som seinare kan forverre aldring av befolkinga (NOU 2020:15). Eit sentralt spørsmål er om dei geografiske forskjellane i skulestrukturen fører til geografiske skilnader i velferd. På grunn av dei fysiske, sosiale og geografiske eigenskapane til skulen, kan nedlegging av den lokale skulen føre til ein geografisk urettferdig fordeling av velferd.

Både lærarar og foreldre rapporterer om aktivitetar og relasjonar som utvida skulegangen og gjorde elevane i stand til å handtere og gje integritet til liva deira i lokalsamfunnet (Villa & Knutas, via Villa, 2021). Dei primære oppgåvene for skuleadministrasjonane er å sikre eit godt læringsmiljø og sosialt miljø for elevane, innanfor rammene. Dette fører ofte til at dei går på side med politikarar som favoriserer nedlegging, sjølv om dei erkjenner skulen sin verdi for lokalsamfunna. Forfattarane fann at den statlege sosialismen tvang fram sentralisering av skular og kontroll over læreplanen, medan den postsosialistiske epoken opna fleire desentraliserte tilnærmingar til skulestyring. Den eine forfattaren introduserte skulane for eit utdanningsmarknad som konkurrer om elevane, noko som var ulempe for skular på landsbygda.

Oppsummert er primæroppgåva og primærrolla til skulen å undervise elevane gjennom opplæringslova. Perspektivet som denne oppgåva først og fremst tek føre seg, er å sjå kva rolle skulen har i, og for lokalsamfunnet som heilskap, då skulen ofte er ei særskilt viktig brikke i lokalsamfunnet.

4. Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for kva metode eg har nytta meg av i masteroppgåva. Eg vil gjere greie for val av metode, val av casekommune og informantar, utfordringar knytt til datainnsamling og -analyse, samt forskingsetikk, validitet og reliabilitet.

4. 1 Forskingsmetode

Samfunnet handlar om menneske, og særleg samhandling mellom menneske. Me må bruke samfunnsvitskaplege forskingsmetodar. Metode tyder å følgje ein bestemt veg mot eit mål. Samfunnsvitskapleg metode handlar om korleis me skal gå fram for å få informasjon om den sosiale verkelegheita, korleis denne informasjonen kan bli analysert, og kva den fortel om samfunnsmessige forhold og prosessar. I følgje Christoffersen og Johannessen er dei viktigaste kjenneteikna ved forskingsmetode openheit, systematikk, grundigheit og dokumentasjon. Metodolære handlar om korleis me kan gå fram for så langt som mogleg å undersøke om våre tankar stemmer med verkelegheita eller ikkje (Christoffersen og Johannessen, 2018, s. 16).

Omgrepet metodologi handlar om tilnærmingar som blir brukt i forskning, og tek føre seg dei grunnleggjande måtane å oppnå kunnskap på (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 91). Døme på slike metodiske tilnærmingar er casestudiar og utvalsundersøkingar. Metodologi må ikkje bli forveksla med metode som handlar om metodar for datainnsamling og analyse. Desse metodane inngår i metodologien, som også har ein målsetjing for forskinga, og som vidare presenterer eit design for korleis denne kan gjennomførast. Det er gjennom slike design at forskaren kan oppnå nærleik til dei det blir forska på, og får innsikt i korleis dei fortolkar verda (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 92).

Eit skilje som dukkar opp i samfunnsforskning er skilje mellom kvantitative og kvalitative metodar. Det kan også vere ulike gradar av kor kvalitativ og kvantitativ forskinga er, samt at det er mogleg å kombinere kvalitative og kvantitative metodar i undersøkingar. Det treng ikkje *anten* å vere kvalitativ eller kvantitativ metode. Ein av hovudforskjellane mellom desse metodane er grad av fleksibilitet. Generelt er kvantitativ metode lite fleksibelt, alle deltakarar blir stilt identiske spørsmål i same rekkefølge, og det er på førehand oppgitt svaralternativ. Det krev god kunnskap om kva spørsmål som er viktig å stille, den beste måten å stille dei på og det er viktig å tenkje gjennom kva som kan vere moglege svar. Fordelen med kvantitativ metode er at det gir meining å samanlikne svar på tvers av deltakarar og settingar.

Kvalitative metodar er meir fleksible, dei opnar for større grad av spontanitet og tilpassing i interaksjon mellom forskar og deltakar (Christoffersen & Johannessen, 2018). Kvalitative metodar har rom for opne spørsmål, og ein kan variere korleis ein stiller spørsmåla. Med opne spørsmål står deltakaren fritt til å svare på spørsmåla med sine egne ord. Forskaren kan også respondere umiddelbart på kva deltakarane seier, og tilpasse neste spørsmål. Dette krev at forskaren som intervjuar er i stand til å stille spørsmål, tolke svaret og respondere ut frå dette på neste spørsmål. Svara vil ikkje nødvendigvis alltid vere mogleg å samanlikne (Christoffersen & Johannessen, 2018).

I følgje Thagaard er kvalitative studiar kjenneteikna ved at metodeopplegget er prega av fleksibilitet. Thagaard fortel vidare at me kan endre utforminga i prosessen, og at me kan innarbeide erfaringar og nye utfordringar undervegs. Kvalitative studiar som er basert på arbeid i felten er prega av nærleik og sensitivitet i relasjon til kjeldene. Uansett kva type data det gjeld, er kvalitative studiar retta mot at me skal utvikle ei forståing av dei sosiale fenomena me studerer (Thagaard, 2018, s. 16). Kvalitative metodar er kjenneteikna av eit fleksibelt forskingsopplegg. I starten av prosjektet blir problemstillinga definert, og ein utformar eit forskingsdesign. Vidare i prosessen blir problemstillinga utvikla, og ein kan revidere planen for prosjektet eller oppgåva (Thagaard, 2018, s. 27). Slik blir det eit gjensidig forhold mellom utforming av problemstilling, utvikling av data, analyse og tolking. Å starte analysen av data allereie medan ein er ute i felten er viktig for å kunne tilpasse den vidare utviklinga av data til inntrykka ein får frå tidlege analysar (Thagaard, 2018, s. 28).

Ein kan også grunnge val av metode ut i frå hermeneutikken. I følgje Thuren handlar hermeneutikk om innleving eller empati: å *forstå* og ikkje berre gripe *intellektuelt* (Thuren, 2018, s. 104). Ein «hermeneutisk sirkel» eller «hermeneutisk spiral» er ein god metode for å få ei forståing. Det inneber eit vekselspel mellom for-forståing og erfaring, mellom heilskap og del (Thuren, 2018, s. 70).

I intervju, som eg nytta meg av som metode, hadde eg med meg ei for-forståing om tema på førehand. Ut i frå delforståingar gjennom intervjuet og det informantane fortalte, kunne eg få ei ny heilskapsforståing. Gjennom å snakke med personar som på ulike måtar kjenner til tema og opplever det på nært hald, har eg fått ei nærare forståing i tematikken.

4. 2 Intervju

Eg valde kvalitative intervju som metode for undersøkinga i masteroppgåva mi. I følgje Christoffersen & Johannessen (2018, s. 78) er det nokre openbare grunnar til å samle inn data ved hjelp av kvalitative intervju. Menneske sine erfaringar og oppfatningar kjem best fram når informanten kan vere med på å bestemme kva som blir tatt opp i intervjuet. Dette gir informantane større fridom til å uttrykke seg enn det strukturert spørjeskjema opnar opp for. Mykje kunnskap er *situasjonsbestemt*, og eit intervju er like mykje ein sosial situasjon som anna samhandling. Forskaren kan difor velje å skreddarsy kvart intervju til informantens sin situasjon. Vidare peikar Christoffersen & Johannessen på at sosiale fenomen er *komplekse*. Det kvalitative intervjuet gjer det mogleg å få fram den kompleksiteten og alle nyansane i dei sosiale fenomenene. Kvalitative intervju kan vere meir eller mindre strukturert; altså tilrettelagt på førehand (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 78).

I oppgåva mi valde eg å nytte meg av semistrukturert intervju. Eg hadde ein overordna intervjumal (vedlegg 1) som eit utgangspunkt for intervjuet, men varierte på spørsmål og rekkefølga å stille spørsmåla i, alt etter kva som kom fram frå informantane i intervjuet.

I følge Thagaard (2018, s. 89) er intervju «den mest anvendte metoden innenfor kvalitativ forskning». Føremålet er at ein får fylldige og omfattande kunnskapar om livssituasjonen til andre menneske, og ulike synspunkt og perspektiv som menneska har på aktuelle tema som det vert forska på. Thagaard seier følgjande om intervju og føremålet med intervju:

Intervju gir et særlig godt grunnlag for å få innsikt i personers erfaringer, tanker og følelser. De begivenheter og erfaringer som intervjupersonene forteller om, er forankret i hendelser i deres liv, og preges derfor av den forståelse de har av sine opplevelser (Thagaard, 2018, s. 89).

Thagaard fortel at intervju med enkeltpersonar er den vanlegaste framgangsmåten. I tillegg har ein gruppeintervju, ofte omtala som fokusgruppeintervju, som kan gje innsikt i haldningar og meiningar som er utbreidd innanfor feltet ein forskar på eller studerer. I gruppeintervju er det viktig at ein vurderer samansetnaden av gruppa nøye, slik at gruppa har eit felles grunnlag for diskusjonar.

I diskusjonane gir deltakarane respons på kvarandre sine synspunkt, noko som bidrar til at ein får kjennskap til variasjonar i haldningar innanfor eit miljø. Diskusjonar mellom deltakarar i fokusgruppa kan bidra til å utdjupe relevante tema. På den andre sida er det nokre utfordringar knytt til gruppesamtalar. Til dømes kan dei mest dominerande synspunkta vere dei som vert fremja i ein gruppesituasjon fordi personar med andre synspunkt, dei som er i mindretal, kan vegre seg for å presentere eigne synspunkt i gruppa. Det er difor viktig at den som leiar diskusjonane, ofte forskaren, oppmuntrar alle til å delta, og passar på at alle får gitt uttrykk for det dei meiner. På den andre sida bør forskaren ha ein noko tilbaketrukken posisjon, slik at forskaren ikkje vert for dominerande i diskusjonane (Thagaard, 2018, s. 92).

I samfunnsfagleg forskning er ein oppteken av forholdet mellom individet og dei sosiale strukturane rundt individet. Me deltek og samhandlar med andre i ulike kontekstar, og denne delen av informantane sin erfaring er det viktig at me ikkje mistar av syne. I følge Edgren, Nordberg & Roos (2021, s. 127) er ein kritikk av kvalitative intervju at dei kan vere individualiserande, at dei held seg til informantane sine meiningar og erfaringar i for stor grad, og at konteksten rundt informanten blir borte (Edgren et al., 2021, s. 127).

«Et godt kvalitativt intervju skal legge til rette for at informantane opplever at de kan snakke fritt og åpent, at intervjueren ikke «dømmer» eller vurderer dem – og at de kan vandre i tanker og digresjoner» (Edgren et al., 2021, s. 136). Dette var noko eg hadde eit medvite forhold til i intervjuprosessen. Dette kjem eg nærare inn på i kapittel 4.5 utfordringar knytt til datainnsamling og dataanalyse, og i kapittel 4.6 forskingsetikk.

4. 3 Analysemetode

I følge Christoffersen & Johannessen må intervju bli dokumentert og transkribert før analyse er mogleg (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 85). Dette inneberer å oversette frå munnleg til skriftleg språk. Det finst ikkje noko tydeleg oppskrift over kor detaljerte transkripsjonane bør vere, men teksten skal vere mogleg både å lese og bruke for analysen vidare. Ein kan til dømes vere nøyare i transkriberinga av dei delane ein tenkjer er særleg viktig, samtidig som ein ikkje nødvendigvis veit kva som er mest viktig for analysen medan ein transkriberer. Å transkribere intervju tek tid, samtidig som prosessen gjerne kan føre til at ein blir godt kjend med eige intervjumateriale. Ein får gjerne allereie her tankar om både vidare inndeling i kategoriar og analyse (Edgren, Nordberg & Roos, 2021, s. 138). Dette var noko eg var medviten om i analysen. Det var ikkje alt informantane sa som var like relevant, og eg var difor ekstra oppteken av å vurdere nøye kva som var det viktige og relevante å ta med, og kva som ikkje var like relevant. Døme på kva som ikkje var relevant var «uformell prat», at eg gjekk gjennom informasjon og informantens sine rettar, opptak og anonymisering. I tillegg var det nokre av informantane som gjekk detaljert inn på kva som hadde skjedd for mange år sidan, og kva den enkelte politikar hadde gjort og tatt som standpunkt. Det var ikkje relevant for mi oppgåve, og eg valde difor å ta det bort allereie i starten på transkriberinga.

Etter transkripsjonen gjekk eg grundig gjennom alt tekstmaterialet. Eg fann ut at temaanalyse ville vere det beste og riktige for mi oppgåve. I temaanalyse rettar ein merksemda mot tema som er representert i prosjektet, og analyserer data om kvart tema frå alle deltakarane.

Føremålet med denne analysen er at ein går i djubden på dei enkelte tema, og samanliknar data frå informantane for å kunne utvikle ein djupare forståing av kvart tema. For at me skal kunne utvikle eit heilskapleg perspektiv er det viktig at me knyt data frå kvar eining eller situasjon til samanhengen som utsnittet av data er ein del av. Ein vurderer dei enkelte utsegna frå kvart intervju opp mot intervjuet som heilskap. Analyse av samanhengar mellom tema gir grunnlag for at ein kan utvikle heilskapleg forståing av data (Thagaard, 2018, s. 171).

Koding av data og inndeling i kategoriar kan vere eit felles utgangspunkt for analyse som er retta mot å forstå fenomenen i kontekst, og analyse som er retta mot ein forståing av dei enkelte tema. Fyldige forklaringar av kvart av tema gir grunnlag for at ein kan analysere dei variasjonane som data representerer innanfor kvart tema (Thagaard, 2018, s. 171-172). Vidare danna eg meg tre tema basert på intervju: 1. Lokalsamfunn, 2. Skulen si rolle i lokalsamfunnet og 3. attraktivitet. Desse tre tema kjem igjen i kapittel 6 der eg presenterer resultat og drøftar desse.

Eg har vald å presentere alle sitata på nynorsk, som er hovudmålet i kommunen. Dette gjer eg for å på sikre og ivareta informantane sin anonymitet på best mogleg måte.

4. 4 Val av casekommune og informantar

Samfunnsvitskapelege undersøkingar av sosiale fakta er uavhengig av både forskarane og andre sine vurderingar av fakta. Det er eit poeng at samfunnsforskaren i si rolle som forskar opptre som tilskodar blant dei samfunnsforholda som vert studert, og at desse forholda vert sett på utanfrå, eit *utanfråperspektiv* (Grønmo, 2016, s. 21). Grønmo peikar på at menneska sine handlingar må bli forstått ut i frå den meining som handlingane har for det enkelte mennesket. Intensjonell og kontekstuell forståing og fortolking føreset innleving i folk sine liv og virke (Grønmo, 2016, s. 22). På bakgrunn av dette, og for å få ei betre forståing av den lokale konteksten, tek eg med eit kapittel om den aktuelle kommunen eg har fokusert på som kapittel 5.

Ein viktig del av forskinga var å bestemme kva lokalsamfunn eg skulle undersøke, kor mange informantar eg skulle snakke med og kven eg skulle snakke med. Det første eg gjorde etter å ha bestemt meg for tema var å finne ut kva kommune og kva samfunn eg ville forske på. Det var også viktig for meg å ta lokalsamfunn eg sjølv ikkje hadde eit nært forhold til, for å vere mest mogleg objektiv i oppgåva. I tillegg kunne eg då forske ut i frå eit *utanfråperspektiv*. Likevel ville eg ha ein kommune eg hadde noko kjennskap til. Det viktigaste for valet av kommune og lokalsamfunn var likevel sjølv sagt å finne ein kommune der skulenedlegging var eit tema, og der det var aktuelt. Kommunen eg enda opp med hadde eit lokalsamfunn der den lokale skulen var trua av nedlegging opptil fleire gongar, og eit lokalsamfunn der skulen allereie var lagt ned. Eg enda opp med Sunnfjord kommune, og to lokalsamfunn. Det eine lokalsamfunnet står i fare for å miste skulen sin etter å ha vore trua av nedlegging fleire gonger. I det andre lokalsamfunnet er skulen allereie lagt ned, men skulebygget vert brukt.

Kvalitativ metode, som er metoden eg har nytta meg av, er kjenneteikna av at me får mykje informasjon om eit avgrensa tal personar/informantar (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 49). Ved kvalitative intervju vert informantane valde ut ved «strategisk utvelgelse» (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 49). Forskaren må tenkje gjennom kva målgruppe som må delta for at dei nødvendige data skal bli samla, før det neste steget er å velje personar frå målgruppa som skal delta i undersøkinga. Utgangspunktet for utveljing av informantar i kvalitative undersøkingar er «ikke representativitet, men hensiktsmessighet» (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 50).

Vidare måtte eg finne ut kven eg ville intervju, altså kven som kunne vere aktuelle som informantar. Eg hadde nokre roller eg ville ha med, til dømes skuleeigarar, foreldre og eldsjeler i lokalsamfunna og bygdene. Thagaard fortel at ein vanleg metode for å velje ut deltakarar som er tilgjengelege for forskaren, er omtala som snøballmetoden. Framgangsmåten er basert på at ein tek kontakt med personar som er relevante for problemstillinga. Deretter ber ein desse personane om namn på andre som også kan vere aktuelle for problemstillinga (Thagaard, 2018, s. 56). Når det gjeld storleiken på utvalet vert det vurdert etter kor godt utvalet er eigna til å utforske problemstillinga. Kvalitative tilnærmingar er kjenneteikna ved «intensive og dyperegående analyser som gir muligheter for detaljerte studier av sosiale prosesser» (Masjon 2019:210-212, via Thagaard, 2018, s. 59).

På den måten ser ein også på storleik og utforming knytt til dei analytiske måla for prosjektet. Ei retningslinje som Thagaard peikar på knytt til omfang for kvalitative utval er at talet på informantar ikkje bør vere større enn at det er mogleg å gjennomføre analysar. Desse analysane er tid- og ressurskrevjande, og tida og ressursane vil difor kunne setje avgrensingar for storleiken (Thagaard, 2018, s. 59).

Fordi eg ikkje kjende nokon i desse lokalsamfunna, og fordi det er mindre lokalsamfunn der «alle kjenner alle», tykte eg at dette var ein god metode for mi forskingsoppgåve. For å finne aktuelle namn starta eg med å sjå kven som hadde uttalt seg i media. Eg spurde også informantar om dei hadde andre aktuelle namn eg kunne intervju. Til slutt gav dette meg åtte informantar; tre personar tilhøyrande ein skule som er lagt ned, tre personar tilhøyrande ein skule som er nedleggingstrua, og to skuleeigarar/politikarar i kommunen.

To av informantane intervjuja eg som skuleeigarar, politikarar i Sunnfjord kommune. Dei seks andre var engasjerte eldsjeler og/eller foreldre. Eg kjem til å presentere informantane med nummer, frå I1-I8. Dette for å ta vare på anonymiteten til informantane, og for at dei ikkje skal kunne sporast tilbake.

4. 5 Utfordringar knytt til datainnsamling og dataanalyse

I masteroppgåva mi nytta eg meg av intervju som metode. I intervju kan det oppstå utfordringar knytt til datainnsamling og dataanalyse. Det kan vere dårleg kommunikasjon eller at forskaren påverkar svara til informantane (Grønmo, 2016). Det er viktig å vere medviten om korleis det endelege datamaterialet kan vere påverka av forskjellige feilkjelder i intervju, noko som må takast med i analyse og tolking (Grønmo, 2016, s. 173).

For meg var det viktig å legge til rette for ein god kommunikasjonsform med informantane, og å utvikle ein trygg og god atmosfære under intervju. På grunn av både korona, reiseavstandar med trafikkarbeid og andre uføresette hendingar, vart det fleire intervju via video enn eg hadde tenkt på førehand. Å nytte videointervju framfor intervju ansikt til ansikt fører til at ein ikkje får sett kroppsspråk, det kan vere internettproblem og andre utfordringar som gjer at kommunikasjonen vert vanskelegare.

Dette var noko eg var medviten om i dei intervju som var på video samanlikna dei intervju som var fysiske. På dei fysiske intervju fekk eg også snakke med informantane i forkant av sjølv intervjuet, noko som gjorde at det vart lettare å snakke under intervjuet då me allereie hadde snakka noko på førehand.

Ei utfordring som meldte seg rett i forkant av intervju, var at kontakten eg hadde med to eigentlege informantar vart brote. Vedkommande hadde sagt seg villig til å stille opp og verka interessert i å delta i intervju, men då tida for å planlegge tidspunkt kom, fekk eg ikkje respons. Dette gjekk naturlegvis utover planen eg hadde for informantane, men eg enda likevel opp med eit utval på åtte informantar.

4. 6 Forskingsetikk

I intervju nytta eg meg av lydopptak av informantane. Eg måtte difor melde prosjektet inn til Norsk senter for forskingsdata (NSD) i forkant av undersøkingane (Norsk senter for forskningsdata, 2020, via Edgren et al., 2021, s. 165). Edgren, Nordberg & Roos fortel at når ein skal skrive masteroppgåve, og særleg om ein vel intervju som metode, vil ein i mange tilfelle forhalde seg til menneske sine privatliv, tankar og kjensler. Det er da viktig at ein «skriver på en respektfull måte som opprettholder disse menneskenes integritet og rett til privatliv. Derfor er kunnskap om forskningsetikk viktig. Forskningsetisk tenkning og etiske verdier skal gjennomsyre de valgene du tar i arbeidet med masteroppgaven din» (Edgren et al., 2021, s. 162). Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora, har utforma etiske retningslinjer som alle forskarar i landet skal arbeide etter. Nokre punkt herfrå som er særleg interessante for masterstudentar er «innhenting av samtykke, konfidensialitet/anonymitet, behandling av personopplysninger, konsekvenser og forskerens rolle» (Edgren et al., 2021, s, 162).

I følgje Postholm & Jacobsen må forskaren reflektere si over eiga rolle i forskinga, før forskinga tek til. Dette er eit viktig etisk prinsipp med omsyn til forskingsdeltakarane. Det er også eit viktig metodisk prinsipp for forskaren sjølv som skal reflektere over korleis vedkommande inngår i relasjon med dei som det vert forska på.

I følge Glesne (2011) kan forskaren velje rolle ut frå fleire forhold: situasjon og hensikt med forskinga, forskaren sin teoretiske ståstad og personlegdom og verdiar (Postholm & Jacobsen, 2018. s. 133).

I intervju prøvde eg å vere så respektfull som mogleg. Eg gav informantane tid og rom for å tenkje, svare og reflektere høgt rundt spørsmåla. Det var også viktig for meg at informantane opplevde meg som ærleg, og kunne stole på meg. Dette var noko eg hadde eit medvite forhold til allereie frå eg tok kontakt, fram til intervju, i intervjuprosessen og i ettertid knytt til handsaming av informasjon og opptak.

4. 7 Validitet og reliabilitet

Ein systematisk framgangsmåte for å vurdere datakvaliteten i samfunnsvitskaplege studiar er validitet og reliabilitet. Desse kriteria samanfattar dei viktigaste aspekta for god datakvalitet (Grønmo, 2020, s. 240).

Validitet dreiar seg om datamaterialet sin gyldigheit for dei problemstillingane som skal setjast lys på. Validiteten er høg dersom undersøkingsopplegget og datainnsamlinga resulterer i data som er relevante for problemstillinga. Validiteten er eit uttrykk for kor godt det faktiske datamaterialet svarar til forskaren sin intensjon med undersøkingsopplegg og datainnsamling. Dess betre dei faktiske data svarar til intensjonane til forskaren, dess høgare er validiteten. Dette kan vere vanskeleg å fastslå i praksis, men den prinsipielle definisjonen er uansett eit godt grunnlag for å drøfte og vurdere validiteten, uansett korleis undersøkinga er gjennomført og uansett kva data som vert nytta. Validiteten viser i kva grad undersøkingsopplegget eignar seg til å samle inn data som er relevant for problemstilling i ein bestemt studie (Grønmo, 2020, s. 241). I følge Christoffersen & Johannessen handlar validitet om kor godt, eller relevant, data representerer fenomenet. Data er ikkje sjølve verkelegheita, men representasjonar av den (Christoffersen & Johannessen, 2018).

Vidare kjem Christoffersen & Johannessen (2018) med omgrepet «begrepsvaliditet» som handlar om relasjonen mellom det generelle fenomenet som skal undersøkas, og dei konkrete data. Spørsmålet her er om data er gode, eller valide, representasjonar av det generelle fenomenet. Validitet må ikkje bli oppfatta som noko absolutt, som om data er valide eller ikkje. Validitet er eit kvalitetskrav som kan vere «tilnærmet oppfylt» (Lund 1996, via Christoffersen & Johannessen, 2018).

Reliabilitet handlar om kor påliteleg datamaterialet er. Reliabilitet vert definert som graden av samsvar mellom ulike innsamlingar av data om same fenomen basert på same undersøkingssopplegg (Grønmo, 2020, s. 242). Vidare fortel Grønmo at i kvalitative studiar, som er det eg nyttar meg av i masteroppgåva mi, er det som regel ikkje mogleg å teste og rekne på reliabiliteten ved hjelp av standardiserte metodar. Dette heng saman med fleire forhold. Undersøkingismetoden og datamaterialet er mindre strukturert enn i kvantitative studiar, og datamaterialet kan ikkje bli skild ut som ein separat fase i forskingsprosessen, men føregår derimot i nær tilknytning til analyse og tolking. Eit anna viktig moment er at vurdering av reliabilitet i kvalitative studiar er prega av at forskaren si tyding er større i forbindelse med innsamling av kvalitative data (Grønmo, 2020, s. 248). I kvalitative studiar blir undersøkingssopplegg i stor grad utvikla under sjølve datainnsamlinga (Grønmo, 2020, s. 249). Christoffersen & Johannessen (2018) fortel at eit grunnleggjande spørsmål i all forskning er kor pålitelege data er, altså reliabilitet. Reliabilitet knyt seg til kor nøyaktig nøyaktighet av undersøkinga sin data; kva data som blir brukt, måten data vert samla inn på og korleis data vert behandla (Christoffersen & Johannessen, 2018).


5. Case: Sunnfjord kommune

5.1 Lokal skuleplan/empiri/kjeldematerial

For å få ei god oversikt over kva planar Sunnfjord kommune har for skulestrukturen og korleis dei grunnjev desse, har eg nytta meg av Sunnfjord kommune sin vedtekne plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune (Sunnfjord kommune, 2020). Planen skal gje ei retning i planarbeidet for dei neste åra, og skulestrukturen må vere tilpassa utviklinga i demografi og endringar i elevtal. Målet er ein fagleg sterk skule med høg kvalitet, eit likeverdig fagleg tilbod og berekraftig økonomi (Sunnfjord kommune, 2020).

Planen tek utgangspunkt i at den demografiske utviklinga i kommunen endrar seg ved at det blir færre elevar. I planen viser kommunen til Statistisk sentralbyrå (SSB) si framskriving som syner at elevtalet vert redusert med 631 elevar dei første ti åra. Jamfør planen har Sunnfjord kommune eit potensiale for innsparing i grunnskulen, men nyttar samstundes lite på skulen etter noverande struktur. Planen seier i klartekst at «skal det sparast i grunnskulen, samstundes som kvaliteten skal oppretthaldast, må innsparinga skje ved endringar i strukturen» (Sunnfjord kommune, 2020, s. 3).

Vidare kan me lese i planen at skulane i Sunnfjord kommune har gode resultat og høg kvalitet. Om utviklinga skal halde fram, må ein skulestruktur tilpassast framtida, faglege forventningar, rekruttering, samarbeid, trivsel og sosial tilhøyrse for elevane. Vidare i planen skriv kommunen at «skal vi ha robuste skular med god kvalitet i møte med framtidige utfordringar, er det nødvendig å gjennomføre endringar i strukturar» (Sunnfjord kommune, 2020, s. 4).



Folketalsutvikling i utvalde aldersgrupper (Sunnfjord kommune, 2020, s. 4).

SSB analyserer framskriving av folketallet etter høg, middels og låg vekst. Middels vekst er sett på som eit realistisk utgangspunkt og blir lagt til grunn for vurderingane i planen.

Knytt til lokalsamfunn skriv Sunnfjord kommune i planen at «skulen er viktig for lokalmiljøet, som ein faktor i samfunnsutviklinga og som møteplass» (Sunnfjord kommune, 2020, s. 9).

5. 2 Presentasjon av skulestruktur

Sunnfjord kommune har 16 skular med stort spenn i elevtalet; frå ni elevar til 384 elevar.

Som kommunen sjølv skriv i planen er det «ein variert skulestruktur med fådelte skular, barneskular, kombinerte skular og ein ungdomsskule. Det er eit SFO-tilbod på dei fleste barneskulane i kommunen» (Sunnfjord kommune, 2020, s. 13).

Når det gjeld økonomi er kostnaden for grunnskule samansett av fleire faktorar. Nokre av dei er oppfylling av klassar, kostnadar til bygg og vedlikehald, struktur og skuleskys. Desse faktorane må sjåast på i samband med skulestrukturendringar. Storleiken på skulen er den store kostnadsdrivaren i grunnskulen. Sunnfjord kommune har i gjennomsnitt 191 elevar per skule, medan snittet for samanliknbare kommunar i *KOSTRA* er 288 elevar per skule.

SSB kjem med ei forklaring på kva *KOSTRA* er: «Statistisk sentralbyrå har utarbeidet en kommunegruppering basert på kommunenes folkemengde og økonomiske rammebetingelser. Grupperingen blir blant annet benyttet i kommune-stat-rapporteringen (*KOSTRA*) og i forbindelse med publiseringen av *KOSTRA*-data på ssb.no» (Kringlebotten & Langørgen, 2020).

Dette viser at skulestrukturen i kommunen er kostnadsdrivande samanlikna med andre kommunar. Likevel kan ein også seie at grunnskulen i kommunen blir drive med låge kostnadar, og innsparing økonomisk med dagens skulestur er svært krevjande. Skulestrukturen i Sunnfjord kommune er kostnadsdrivande og Agenda Kaupang meiner det er eit innsparingspotensiale i høve andre samanliknbare kommunar. Likevel driv Sunnfjord kommune skulane med ein lågare kostnad enn strukturen skulle tilseie (Sunnfjord Kommune, 2020, s. 20).

I følge planen for skulane kjem det fram at det ikkje er nokon samanheng mellom trivsel og storleiken på skulane. Kvalitet og resultat må vurderast i samband med skulestruktur (Sunnfjord kommune, 2020, s. 19). Ei utfordring som kommunen nemner med dei små skulane er at det er utfordrande å rekruttere kvalifiserte søkjarar til dei minste skulane. Dette vert sett på som ei utfordring når skulane vert for små. Ein del av planen tek også føre seg spørsmålet om når skulane blir for små. Dette er eit sentralt spørsmål innanfor temaet skulenedlegging. Innleiingsvis i planen vert det peika på at det ikkje er noko fasitsvar på når skular er for små. Hovudtrekka i forkinga som er gjort, er at elevane har noko betre faglege resultat på store skular. Det avgjerande elevane sin utvikling er likevel rammefaktorane og korleis ein arbeider på skulane. Elevane skal utvikle seg fagleg og sosialt for å kunne løyse utfordringar i samspel med andre. I dei *faglege* vurderingane må ein legge vekt på skulen sitt mandat, og ikkje skulen som ein faktor i lokalsamfunnet. Det er også ein viktig faktor, men er ikkje ein del av skulen si oppgåve eller mandat (Sunnfjord kommune, 2020, s. 52). I forslaga til alternativ ved endring av skulestrukturen, er det ved fleire tilfelle nemnd at ein konsekvens av å legge ned den aktuelle skulen er at bygda og lokalsamfunnet misser skulen som institusjon i bygda. Dette er det sentrale i mi masteroppgåve, og noko eg vil ta med meg vidare når eg går til drøfting og analyse i det neste kapittelet.

6. Resultat og drøfting

Eg har delt kapittel 6 inn i tre tema som kom fram på bakgrunn av intervjuet. Samla sett er dette tema eg meiner vil svare på problemstillinga: *Kva tyder lokalsamfunnet for folk, og kva oppfatningar har dei av skulen si rolle i lokalsamfunnet?* Dei tre tema er: oppfatningar og tolkingar av kva lokalsamfunn er, synspunkt på skulen si rolle i lokalsamfunnet og forståingar av kva som gjer eit lokalsamfunn attraktivt. I kapittel 7 vil eg oppsummere det eg har funne ut og trekke konklusjonar for å svare på problemstillinga.

Tema 1: Kva er lokalsamfunn?

For at eg skal kunne seie noko om kva verknad skulenedlegging kan ha for lokalsamfunna, er det viktig og relevant å høyre kva informantane oppfattar som eit lokalsamfunn, og kva eit lokalsamfunn er for dei. Som nemnd tidlegare i oppgåva er forståinga av kva lokalsamfunn er gjerne todelt. Det handlar både om eit konkret avgrensa område, og at det må vere eit sosialt miljø med ei viss grad av samhandling og felles ordningar. Store norske leksikon (SNL) omtalar lokalsamfunn som «betegnelse for sted og sosialt miljø innenfor et mindre område» (Kjølsrud, 2014, Aarsæther, 2016). Desse forståingane kjem også fram gjennom det informantane fortalte i intervjuet, men det er ikkje alltid like enkelt å skilje desse forståingane frå kvarandre.

Den eine informanten tolkar lokalsamfunnet som nære, fysiske omgjevnadar:

«Lokalsamfunnet er det som er her, rundt her vi bur» (12).

Ein annan informant inkluderer både dei fysiske og dei sosiale aspekta: «Ein plass der folk bur, lever ilag og har noko med kvarandre å gjere innanfor ei avstand» (14).

Det er interessant å høyre at fleire av informantane trekk fram bygdekjensla som lokalsamfunnet skapar, og at lokalsamfunnet gjerne er identisk med bygda:

«Det er ei felles interesse av å bu ute på bygda. Ein ser det positive i å bu i eit lite lokalsamfunn. [...] Viss ein bur på ei bygd kunne det vere lettare å bli inkludert. Stort sett vil folk at vi skal ha det bra ilag, gjere ting ilag og stille opp på det som skjer» (13).

Desse sitata viser at informantane sine skildringar av lokalsamfunn samsvarar godt med Aarsæther si oppfatning av at lokalsamfunn handlar om «trekk ved den samhandlinga som går føre seg mellom menneske som bur innafor eit geografisk avgrensa område» (Aarsæther, 2016). I følgje Aarsæther er lokalsamfunn noko meir enn ei samling med hus og folk. For at det skal vere eit lokalsamfunn bør det også vere ei grad av samhandling og ordningar (Aarsæther, 2016).

Informantane fekk også fram ei forståing som eg oppfattar som meir omfattande enn dette. Nokre informantar var også inne på at i bygda er lokalsamfunnet meir på tvers av alder og generasjonar. Det er ei oppfatning blant nokre informantar om at det er lettare å bli inkludert i eit mindre lokalsamfunn, noko som tyder mykje for dei.

Å bu i ei bygd er eit heilt anna type lokalsamfunn der ein er meir saman på tvers av alder, stiller på dugnad, julemarknad. Eller når skulen blir lagt ned, sjølv om ein ikkje har ungar i skulen lenger, så stiller ein på ein måte opp da.. Lokalsamfunn er mykje meir på tvers av alder, på tvers politiske meiningar... Finn ikkje heilt dine heilt eigne slik som i byen, som er heilt like seg sjølv.. Er meir saman med alle moglege. Å bu i eitt lokalsamfunn er veldig verdifullt for mange av oss (16).

Vidare sa ein annan informant:

Det må jo vere at ein har ein følelse av at ein har nokre felles møtearena, slik at ein ikkje berre køyrer forbi husa og ikkje veit kven som bur der, men føler seg som eit oss, som ei gruppe, fordi vi bur der vi bur. Vi føler at vi er eit samfunn, eit lokalsamfunn (17).

Nokre informantar peika også på at lokalsamfunnet var viktig for å gje ungene røter: «Ungane får røter» (13).

Inntrykket mitt er at informantane i tillegg til å forstå lokalsamfunn som ein avgrensa fysisk stad der folk har stor grad av samhandling, også har kjensler knytt til lokalsamfunnet sitt og måten dei lever på der. Informantane peikar på at det er verdifullt å bu i eit lite samfunn der dei er saman på tvers av generasjonar, der dei føler seg som ei gruppe og der dei har røter.

Det vert understreka at dette er ein stor fordel med å bu i eit lite lokalsamfunn i distriktet samanlikna med større lokalsamfunn i store byar. Informantane fortel at dei opplever at borna blir betre kjend med lokalsamfunnet fordi det er lite, og at dei dermed blir betre kjent med menneska som bur der. Gjennom desse intervju er inntrykket mitt at dette er noko som er unikt med dei mindre lokalsamfunna. Det at ein veit kven som bur i husa, kjenner naboane og opplever eit fellesskap på tvers av generasjonar vert sett på som positivt for dei små lokalsamfunna i distrikta.

Lokalsamfunn handlar om meir enn å ha ei form for samhandling innanfor eit geografisk område. Det handlar også om å føle tilhøyrse og ha kjensler for staden. Med bakgrunn i dette kan ein difor seie at Store norske leksikon sin definisjon av lokalsamfunn kjem til kort når dei omtalar lokalsamfunn som «betegnelse for sted og sosialt miljø innenfor et mindre område» (Kjølsrud, 2014). Dette er ein avgrensa og snever definisjon av lokalsamfunn. Mitt inntrykk gjennom desse intervju er at lokalsamfunn er så mykje meir enn det som vert definert her. Det sosiale fellesskapet der det er samhandling på tvers av generasjonar og der ein opplever det gode fellesskapet, er noko informantane trekk fram som viktig og positivt for desse små lokalsamfunna. Også inkludering er noko som opptar informantane når det gjeld kva lokalsamfunn er, og kva som er verdifullt med å bu i små lokalsamfunn, noko informant 3 viste til i sitatet overfor.

Om ein ser på lokalsamfunnomgrepet knytt til stadomgrepet kan det vere vanskeleg å finne eit tydeleg skilje mellom lokalsamfunn og stad. Desse omgrepa har mange likskapsteikn. Også staddimensjonen handlar om både det sosiale og fysiske ved stadar (Lewicka, 2011, via Aune, Nygaard & Wiborg, 2015, s. 198). Særleg det sosiale ved stadane er tett knytt opp til lokalsamfunn. Også Agnew sine tre komplementære dimensjonar ved stad, er knytt tett opp til lokalsamfunnsomgrepet: stad som lokalisering og fysisk område, dei opplevingsmessige- og kjenslemessige dimensjonane ved stad, og kvardagen sin sosiale interaksjon (Aure et al., 2015, s. 16, Berg & Dale, 2005). Alle desse dimensjonane samsvarar godt med det som er omtala når det gjeld kva lokalsamfunn er.

Modernisering og globalisering

Forståinga av stad og lokalsamfunn som kom fram ovanfor, har blitt kritisert av Massey (1995) for å vere for essensialistisk fordi lokalsamfunnet eller staden blir sett på som ei fysisk avgrensa eining som nærmast er stengd frå impulsar som kjem utanfrå. I følgje Massey er det som om fellesskap er noko som veks ut av jorda.

Den eine informanten fortalte følgjande på spørsmål om kva lokalsamfunn er for vedkommande:

«Bygda er delt i to; grenda der vi bur og nabogrenda med felles skule. Lokalsamfunn er også Førde der vi høyrer til med fritidsaktivitetar og venner. Er det vesle og det store lokalsamfunnet» (I1).

Dette svaret på kva eit lokalsamfunn er for vedkommande, viser også at lokalsamfunn kan vere ulike storleikar, og ha ulik tyding for innbyggjarane. Det handlar også om eit «utvida lokalsamfunn», der lokalsamfunnet blir utvida etter kva det er snakk om. Dei ulike synspunkta på kva lokalsamfunn er, og kor lite eller stort lokalsamfunnet er, er interessant. Dette syner at informantane har ulike perspektiv på, og opplevingar av, kva eit lokalsamfunn er for dei. Ulike avgrensingar eller utvidingar av lokalsamfunnet kan kome som følgje av kvar borna går på skule og fritidsaktivitetar, kvar foreldra arbeidar og kvar familien har sine sosiale nettverk. Nokre informantar fortel at både barnehage, skulen, jobben og deira sosiale nettverk er innanfor eit mindre lokalsamfunn, medan for andre er det eit større, utvida lokalsamfunn som dekkjer alle behova.

For mine informantar, eit lite utval av menneske som bur i små lokalsamfunn, er det tydeleg at lokalsamfunna er viktig for det sosiale fellesskapet blant dei som bur der. Informantane trekker mellom anna fram at det er positivt å bu i eit mindre lokalsamfunn. Det er der tenestene er, det er der dei samlast og der dei blir kjend med andre i det sosiale fellesskapet. Informantane seier mellom anna om kva lokalsamfunn er for dei:

«Ein plass der folk bur, lever ilag og har noko med kvarandre å gjere innanfor ei avstand» (I4).

«Lokalsamfunnet er det som er her, rundt her vi bur» (12).

Desse sitata tyder på at informantane her har ein medviten haldning til kva eit lokalsamfunn er for dei, og kva det tyder å vere i eit lite lokalsamfunn. Det informantane fortel her skapar eit inntrykk av at lokalsamfunna er viktige i innbyggjarane sine kvardagsliv, og deira sosiale miljø og fellesskap der dei bur.

Fleire teoretikarar har vore inne på interessa for lokalsamfunnet, særleg knytt til modernisering og globalisering. Aarsæther meinte at etter alle solemerke skulle interessa for lokalsamfunnet bli mindre som følgje av globalisering og modernisering i samfunnet. Dette er det motsette av det informantane fortalte om. På bakgrunn av det ser det ut til at innbyggjarane som her er intervjuja i studien, som er innbyggjarar i små lokalsamfunn i distrikta, opplever sine lokalsamfunn som nære og som ein viktig del av kvardagen deira. Desse små lokalsamfunna i distrikta *kan* skilje seg frå store, meir sentrale lokalsamfunn, der ein kanskje lever meir uavhengige av kvarandre og ikkje har det same sosiale fellesskapet.

Eit moment eg synast er interessant å sjå nærare på er at dei små lokalsamfunna i distrikta både fører til at ungane får røter og på den måten vert knytt til lokalsamfunnet sitt, samtidig som det er ein del av den globaliseringa og moderniseringa som skjer på verdsbasis. Dette tyder at perspektiva på lokalsamfunnet er komplekse og samansette. Det handlar om alt frå at borna blir kjende med lokalsamfunnet og får røter der, samtidig som lokalsamfunnet er ein del av globaliseringa som skjer. Dette kan også sjåast i samanheng med Berg som sa at ein stad som er viktig for dei fleste, anten det er ein positiv eller negativ oppfatning av det, er lokalsamfunnet ein er ein del av. Til tross for at stadig fleire kan skildra seg som globale og mobile verdsborgarar, lever dei fleste sine kvardagsliv i lokale miljø, der dei bur (Berg, 2016). Den eine informanten nemnde også skulen i tilknytning til lokalsamfunnet:

«Når skulen forsvinn opphøyrer lokalsamfunnet, ein mistar samlingspunktet» (12).

Dette fører meg vidare til neste tema, om kva skulen sin funksjon og rolle er i eit større bilete, og kva funksjonen til skulen er for lokalsamfunnet.

Tema 2: Skulen si rolle for lokalsamfunnet

Skulen som møteplass

For denne oppgåva og føremålet med oppgåva, har det vore viktig å finne ut kva rolle skulen spelar for lokalsamfunnet. Dette har vore nødvendig for å kunne svare på problemstillinga. Oppgåva til skulen er naturlegvis først og fremst den opplæringa som er forankra i opplæringslov, læreplanar og skulen sitt mandat. Samtidig ser ein at skulen ofte har fleire funksjonar enn å vere ein skule, og gjerne har fleire samfunnsoppgåver ein skal fylle for lokalsamfunnet og bygda. Skulen kan bli brukt til fritidsaktivitetar og andre samankomstar for folk i bygda, og er i mange tilfelle ein viktig møteplass for innbyggjarane i lokalsamfunna. Eg spurde difor alle informantane om kva rolle skulen spelar for desse lokalsamfunna.

Allereie i spørsmålet om kva eit lokalsamfunn vert oppfatta som, vart det trekt fram at skulen er ein viktig del av det:

«Når skulen forsvinn opphøyrer lokalsamfunnet, ein mistar samlingspunktet» (I2).

Dette gir ei oppfatning av at skulen nærmast *er* lokalsamfunnet. Eit slikt utsegn kan samsvare med Aarsæther (2016) si forståing av at skulen er ein av faktorane som er med på å halde både interessa og engasjementet for lokalsamfunnet oppe i ei tid som er prega av modernisering- og globaliseringsprosessar. Aarsæther nemner «det nye barnelivet» og den utvida foreldrerolla, der det er forventningar knytt til at foreldra skal ta del i samarbeid og dugnad med utgangspunkt i aktivitetane som borna deltek i. Gjennom borna si deltaking i desse aktivitetane, ofte på skulen eller i samband med skule, blir også foreldra kjende med kvarandre (2016, s. 148).

Då eg spurde informantane om kva rolle skulen spelar for lokalsamfunnet i dei to lokalsamfunna, var eg mellom anna ute etter å høyre kva sjølve skulebygget og skulen si rolle som institusjon tydde for lokalsamfunnet. Informantane fortalde:

Skulen har blitt brukt som ein forsamlingsplass og fungerer som eit «lim i bygda» ved at vi møtes der fordi vi har ungar som går på same skule. Det blir jo ikkje det same no når ungane går i store klassar.. Vi har ikkje det same fellesskapet med dei andre i bygda (I1).

«Skulane er også kjempeviktig som lim i samfunnet: forsamlingshus med basar og fest, treningslokale, møte.. (I5).

«Har funksjon som grendehus. Viktig funksjon. Framover vil me ha det som grendehus» (I8).

Vidare framhevar ein av informantane alt innbyggjarane kan bruke skulen og skulen sine ulike «delar» til:

Gymsalen vert brukt fleire gongar i veka til trening. Ein del av skulen er tilpassa utleigelokale, kan også bruke gymsalen i tillegg. Er kjøkken som er kombinert bygdekjøken og skulekjøken, så bygda har brukt litt midlar og brukar det lokale med kjøken som møtelokale. Kan og leiga det ut til minnestund, dåp, bryllaup, konfirmasjon. Er veldig flott for bygda å ha den typen moglegheit (I7).

Gjennom desse utsegna kjem det fram at fleire såg på skulen som limet i bygda og lokalsamfunnet. Skulen vart av fleire sett på som forsamlingshuset og grendehuset i bygda. Det vart også sagt at ein mistar ein del av bygdekjensla om ein ikkje har skulen, fordi skulen er eit viktig og sentralt samlingspunkt. Det skapar eit inntrykk av at skulen har ei viktig og samlande rolle for lokalsamfunnet. Skulen er ikkje berre ein viktig plass for borna som går på skulen og det faglege og sosiale innhaldet i skulen, men er også særskilt viktig for lokalsamfunnet som heilskap i eit samfunnsperspektiv. Dette samsvarar med studien til Villa der ho peikar på at skulen sin funksjon. Også om skulen er liten, kan den vere i stand til å la folk leve meiningsfulle liv der dei bur. På den måten er ikkje skulen berre til for det pedagogiske og det faglege, men også for eit større samfunnsfagleg perspektiv, i denne samanheng for lokalsamfunnet (Villa, 2016, s. 180). Gjennom studien fortel Villa også at «skulen er framstilt som ein samlingsplass som viser kva verdiar eller kompetanse som finst i samfunnet – og til forskjell frå eit større eller meir urbant samfunn».

Villa fortel altså at skulen både representerer velferd, i tillegg til at det er ein viktig samlingsplass for bygda og lokalsamfunnet. Ei nedlegging av den lokale skulen vil ikkje berre få konsekvensar for elevane som går der, men vil også få konsekvensar for eit heilt lokalsamfunn (Villa, 2016, s. 191).

Cedering (2016, s. 156) fann noko av det same. Ho samanlikna skulen med eit slags nav, som byggjer sosiale kontaktar mellom foreldra og gir innbyggjarane høve til å bli kjende med kvarandre på tvers av yrke, alder og interesser. Skulen har bidrege til å gje ei trygg kjensle for innbyggjarane som bur der, og gir ei kjensle av å høyre til i bygda og vere ein del av lokalsamfunnet. I studien vart det også vist til at det vart vanskelegare å oppretthalde det sosiale nettverket og det sosiale møtepunktet om skulen vart lagt ned. Cedering gav uttrykk for at skulen var hjarta i bygda (Cedering, 2016, s. 50). På bakgrunn av intervjuet og studiane til Villa og Cedering kan ein slå fast at informantane opplever skulen som viktig *for* lokalsamfunnet.

Eit sentralt spørsmål å stille er om skulen i seg sjølv kan fungere, og bli oppfatta, som eit lokalsamfunn. Aarsæther nemnde skulen som institusjon og møteplass som døme på lokalsamfunn, og peika på at skulen som ein institusjon kan utvide seg til eit større lokalsamfunn ved at også foreldra vert kjende med kvarandre gjennom barna si deltaking i skulen (Aarsæther, 2016, s. 140). Informantane fortalde om at lokalsamfunn både var det sosiale fellesskapet som lokalsamfunnet gir, og den geografiske staden som lokalsamfunnet gjerne er. Ein kan seie at skulen i seg sjølv er eit lokalsamfunn med bakgrunn i at dei som utgjer skulen; tilsette, elevar og foreldre, saman skapar eit sosialt fellesskap. Skulen er også eit avgrensa geografisk område, som var det andre momentet som informantane trakk fram som lokalsamfunn. På bakgrunn av dette kan ein difor konkludere med at skulen i seg sjølv kan vere eit lokalsamfunn i lokalsamfunnet.

Når eg omtalar lokalsamfunn vidare, er det bygda som lokalsamfunn det er snakk om. Der eg vil framheve skulen som lokalsamfunnet vil det bli spesifisert.

Tankar om kva konsekvensar skulenedlegging vil føre til

Kva føler du rundt å kunne miste skulen i bygda? Dette spørsmålet vart stilt til informantar frå lokalsamfunnet som stod i fare for å miste skulen. Eg var ute etter folk sine tankar rundt å miste skulen i bygda, og både positive og negative konsekvensar ved det. Meininga bak dette spørsmålet var å få fram kva funksjonar skulen eigentleg har, og kva konsekvensar ei nedlegging av skulen kan skape for bygda. Den eine informanten sa følgjande:

Med mindre det blir så få barn at dei ikkje har nokon leikekameratar, kan eg ikkje sjå nokon positive konsekvensar. Er vel ikkje noko positivt med det, anna enn viss dei ikkje har nokon leikekameratar. Negative er veldig mange.. Må vere heilt spesielt interessert om ein flyttar til ei bygd så langt vekk frå arbeidsplassen utan at det er skule eller barnehage der. Å flytte dit å vite at ungane skal sitte time på bussen kvar veg når dei er sju år.. Det ser eg ikkje føre meg at folk kjem til å gjere, så ser føre meg at det blir kroken på døra for samfunnet (16).

Dei negative sidene som er peika på er mellom anna frykta for at det ikkje vert tilflytting om skulen vert lagt ned fordi ingen vil flytte til ein plass utan skule, der ungane må reise langt kvar dag. Det kan også gå utover attraktiviteten til lokalsamfunnet, og skape ein *nedgåande spiral*. Skuleskyssen er også ein faktor som går igjen i intervjua. Informantane tykkjer ikkje at det er bra for borna å bruke mykje tid på skuleskyssen. Det er førespegla eigen skyss, til dømes taxi, for dei minste borna. Korleis den faktiske skuleskyssen ville blitt om skulen vart lagt ned, er likevel usikkert. Den eine informanten og kona hans ville vurdert heimeskule etter å ha sett kva som vart tilbode av skuleskyss. Ein annan informant sa derimot at det ville bli lettare for dei som foreldre om det ikkje var skule i bygda, fordi dei kunne tatt ungane med seg i bilen når dei skulle køyre til jobb. Det er ulike syn på kva som gjeld skuleskyss, men informantane er likevel einige i at det ville vore verre for ungane om skulen vart lagt ned. Om skulen vert lagt ned er frykta at det skal bli ein nedgåande spiral, der ei nedlegging av skulen vil føre til at barnehagen, og deretter butikken, vert lagt ned.

Erfaringar frå skulenedlegging

For å høyre kva ei nedlegging av skulen har tydd, har eg spurt informantar i bygda som allereie har mista skulen sin om kva skulen har tydd for dei. Det har gitt meg eit inntrykk av kva det tyder å miste skulen i bygda, og kva konsekvensar det kan gje. Dette har gitt meg eit grunnlag for å sjå kva skulen tyder for eit lokalsamfunn og menneska som bur der.

Kvardagen vart litt meir travel for familien sin del fordi skulen var ganske nær, det var kort veg med skyss og trygt for ungane slik at dei styrte seg litt meir sjølv. På den andre sida var dei veldig få på slutten, så ungane har fleire å vere med på skulen dei har kome til no. Dei brukar mykje tid på skyss kvar dag. No er det 15 km, er ikkje veldig langt, men brukar nesten ein time frå dei fer ut døra heime til dei er på skulen (I1).

Her gir informanten uttrykk for både positive og negative konsekvensar ved ei nedlegging av skulen. På den negative sida har familiane måtte legge noko om på kvardagslivet fordi borna ikkje lengre sjølv kan kome seg til skulen på eiga hand. Foreldra synes også det er leit at borna må bruke mykje tid på skyss kvar dag. Dette er konsekvensar som både Cedering (2016) og Båtevik (2013) peikar på som undervurderte av dei som planlegg og avgjer skulestrukturen. Cedering meiner at dei som planlegg strukturen til skulane ikkje har nok innsikt i korleis dagleglivet til innbyggjarane blir påverka ved ei strukturendring. Cedering peika også på at måten kommunen handlar og grunnlegg nedlegging av skulen har tyding for korleis det vert motteke hjå dei som brukar skulen og innbyggjarane i bygda (Cedering, 2016). Båtevik viser til at dette også gjeld i Noreg, og at nedlegging av skulen kan vere med på å svekke tilliten til lokale politikarar og svekke det lokale engasjementet for lokalsamfunnet (Båtevik, 2013).

Det positive som blir trekt fram ved ei skulenedlegging der borna blir flytta til større skular, er at borna får fleire å vere med på skulen og blir ein del av eit større sosialt miljø. Det er ikkje berre dei som sjølv har barn på skulen som opplever verknadane av at skulen er lagt ned. Informant I2 fortel at det er synd å sjå at det vert færre folk, og mindre liv, i bygda:

Det rørte ikkje meg direkte for eg hadde jo ingen barn der. Er meir ein del av at det er synd å sjå at det blir så få folk i bygda, og det blir ein konsekvens slik at skulen blir lagt ned. Heng meir saman med eit ønske om å ha liv i bygdene, eigentleg. Sjølv sagt har det tyding for at eg sjølv kunne tenke meg å bu der med mitt barn, for da vil det vere eit miljø rundt han og eit skuletilbod som ligg veldig fint til. Eg sjølv har gått på ein mindre skule, men den var ein del større enn det den var i dag. Med den storleiken som var kunne eg ikkje forsvart den fordi det blir for lite skulemiljø, for få vener og kanskje også det pedagogiske tilbodet vil vere prega av det (I2).

Eit moment informanten her gir uttrykk for, er kva storleik som er forsvareleg på skulen. Skulen her var såpass liten at informanten meinte det ikkje var forsvareleg med tanke på for lite skulemiljø, for få vener og det pedagogiske tilbodet. Dette er ein særleg sentral diskusjon knytt til skulenedlegging, og kva som er forsvareleg for både skulen, elevane og dei tilsette. Dette er ein diskusjon eg vil kome nærmare tilbake til i tema 3.

Informantane fortalte også at dei fryktar for kva som vil skje med det sosiale i bygda når skulen er borte:

«Vi må stå meir på for å møtast. Det blir meir vi som må styre det meir sjølv, fordi vi ikkje har den naturlege møteplassen. Vi må ordne litt meir sjølv. Har ikkje det naturlege møtepunktet» (I1).

«Tradisjonane som allereie har vist seg at det vil bli færre som deltar på. Skulebygget som og er eit grendehus, høgtidene og arrangementa som var der før, er mindre og mindre» (I2).

Det er ikkje lett å seie kva som skjer med lokalsamfunnet framover, då det ikkje er så lenge sidan skulen vart lagt ned. Likevel hadde informantane nokre tankar om kva dei trudde ville skje med bygda framover. Det kom fram at nokre er redde for at det vil bli færre som vil delta på arrangement som 17. mai, sommaravslutning og juleavslutning. Det har vore nemnd to grunnar til det.

For det første vert det fleire eldre og færre yngre, slik at det dermed vil kome eit generasjonsskifte. For kommunane er det viktig å halde på unge folk for å halde ved like, og helst få opp, innbyggjartalet. Fleire eldre og færre yngre kan få konsekvensar som manglande arbeidskraft, manglande skatteinntekter og nedgåande innbyggjartal. For kommunen og kommunen sin attraktivitet er ikkje dette positivt. For å få opp attraktiviteten og omdøme er ein også avhengig av unge folk og tilflyttarar. For det andre peikar informantane på at fleire av foreldra og borna truleg vil delta på arrangement som 17. mai og juleavslutning på den nye skulen som borna går på, der dei har venene sine. På denne måten ser me at skulen har vore ein viktig møteplass og samlingsplass for bygda. Det var der dei var samla til arrangement og høgtider. At deira lokale møteplass ikkje lengre er i drift, kan ha konsekvensar for utviklinga av sosial kapital i lokalsamfunnet. Dette lokalsamfunnet har ikkje lengre skulen som arena for samhandling mellom foreldre, barn og tilsette, som Aarsæther peika på som viktig for mobilisering (Aarsæther, 2016, s. 142-143).

Tema 3: Gjer skulen bygda meir attraktiv?

Gjennom intervjuet fekk eg ei forståing av kor viktig det er for informantane å framheve bygda, og at bygda blir oppfatta som ein attraktiv stad å bu slik at dei kan bidra til tilflytting. Dette har vore eit sentralt tema i mi oppgåve. Her får eg også danna meg eit inntrykk om kva skulen har å seie for attraktiviteten til lokalsamfunnet, og på den måten også eit inntrykk av kor viktig skulen er for lokalsamfunnet.

Om attraktive lokalsamfunn fortel Lysgård & Cruickshank (2016, s. 97) at attraktivitet og omdøme er sentrale omgrep for lokalsamfunna. Desse omgrepa går også inn i diskusjonen om identiteten til staden: kven og kva som høyrer til på staden. Lokalsamfunn er ikkje berre til på marknaden, men utgjer eit økonomisk, kulturelt og sosialt fundament for dei lokale innbyggjarane sine kvardagsliv. Attraktivitet er eit sentralt omgrep når det gjeld forskinga på lokalsamfunn (Lysgård & Cruickshank, 2016). I studien til Villa vert det peika på at skulen vert opplevd som avgjerande for lokalsamfunnet sin attraktivitet og høve til å få fleire nye tilflyttarar (Villa, 2016, s. 187). Også blant mine informantar ser eg døme på at attraktivitet og tilflytting er viktig:

... ynskjer tilflytting. For at folk skal flytte dit må ein ha skular og barnehage. Elles flyttar ingen dit. Er distriktpolitikk, arbeidsplassar. Viktige arbeidsplassar for bygda. Blir berre dei gamle som bur igjen, får ikkje tilflytting. Sånn er det for alle små bygder, vi ynskjer små skular for da veit me at det er større sjansar for tilflytting, at ungdomane kjem tilbake (I6).

Informant 6 ser her skulenedlegging, distriktpolitikk og arbeidsplassar i nær tilknytning til kvarandre, i eit gjensidig forhold. Lysgård & Cruickshank (2016, s. 95) peikar på at medan regionalforskning og regional- og distriktpolitikk tidlegare var opptatt av flytting og arbeidsplassar, ser me etter kvart ein stigande erkjening av at lokalsamfunna står overfor ein anna og avgjerande utfordring: Korleis skal lokalsamfunnet sine innbyggjarar identifisere seg med staden? Korleis vil innbyggjarane at lokalsamfunnet skal utvikle seg?

Kva behov og ideal skal styre utviklinga, og kven skapar lokalsamfunnet? Informanten adresserer både distriktpolitikken og arbeidsplassar, og får samstundes fram at fråvær av skule ikkje berre handlar om å miste arbeidsplassar. Det gjer også at bygda blir ein plass berre for dei gamle, og ei slik bygd er det vanskeleg for unge menneske å identifisere seg med. For at ei bygd skal vere attraktiv må ein med andre ord ha både tenester og arbeidsplassar der, slik at bygda også blir ei bygd som dei unge menneska kan identifisere seg med.

Informantane mine har sine erfaringar frå mindre lokalsamfunn i distrikta. Inntrykket eg fekk gjennom intervju er at desse menneska er særst opptekne av tilflytting og at folk ikkje reiser vekk, fordi dei allereie er sårbare. Dei veit kor viktig det er å ha teneste som arbeidsplassar, skular, barnehage og butikk i nærleiken, for å halde bygda og lokalsamfunnet i live. Eg tenkjer at desse menneska som bur i slike små lokalsamfunn i distrikta har andre perspektiv og andre synspunkt enn dei som bur i større lokalsamfunn i meir sentrale område. Menneske som bur i større, meir befolkningsrike område opplever ikkje kampen for lokalsamfunnet sitt på same måte. Dei har truleg ikkje opplevd at dei må overtale andre om at deira samfunn har ein verdi og at lokalsamfunnet tyder noko. Ei nedlegging av ein barnehage eller skule har ikkje same effekt i dei store byane, då dei ofte har ein eller fleire skular eller barnehagar i nærleiken.

Dei små lokalsamfunn i distrikta er ofte meir avhengige av den enkelte skulen, den enkelte barnehagen og den enkelte butikken som eksisterer der. Særleg fordi desse tenestene også gjerne fungerer som møteplassar og samlingspunkt for dei menneska som bur der, og fordi at butikken som er der og skulen som er der er den einaste av sitt slag i området. Det er ikkje slik at desse innbyggjarane kan velje kva butikk dei vil handle på i bygda eller kva skule bornet deira skal gå på. Difor er det så viktig for desse innbyggjarane at dei faktisk har desse tenestene i sine lokalsamfunn.

Tankar om kva nedlegging av skulen vil ha å seie for attraktiviteten til bygda

Informantane i bygda med ein nedleggingstrua skule vart spurd om kva dei trur ei nedlegging av skulen vil gjere med omdømme og attraktiviteten til bygda. Informantane hadde ulike svar på spørsmålet, og det kom fram fleire ulike tankar og synsvinklar på dette. Det syner også at dette tema og spørsmålet er samansett.

Skulen det er snakk om her er ein 1-4. skule. Den eine informantten meinte at skulen i seg sjølv ikkje fører til at bygda er kjempeattraktiv:

Trur jo ikkje at bygda vert sånn kjempeattraktiv fordi dei har ein 1-4. skule i dag, men for bygda betyr det mykje om 1-2-3 familiar vel å flytte eller etablere seg her, for det er med på å halde status gåande. Vi treng berre ikkje at folk får nok eit argument for at folk vel vekk bygda som plass å bu (I7).

Sjølv om informantten meiner at ein 1-4 skule i seg sjølv ikkje gjer bygda særskild attraktiv, peikar informantten på ringverknadane ei nedlegging av skulen kan få. I følgje informantten vil det vere vanskeleg å få tilflyttarar til bygda utan «noko som helst». Det har også blitt nemnd at når skulen forsvinn kan det skape ein nedgåande spiral der også barnehagen og butikken vert lagt ned. I ei lita bygd vil dette vere dramatisk, og hindre både teneste og arbeidsplassar. Nedlegging av skulen kan ha nokre fordelar for elevane som får eit større sosialt miljø, og for dei tilsette som får eit større fagleg miljø. På den andre sida kan det føre til at lokalsamfunnet mistar alle sine teneste og tilbod, og dermed døyr ut. For lokalsamfunnet, og lokalsamfunnet sin attraktivitet og omdømme, er det difor viktig å ha ein skule i lokalsamfunnet.

Oppfatninga mi er at når det gjeld omsynet til elevane og dei tilsette kan ei nedlegging av skulen gje nokre fordelar, særleg dersom skulen er liten. Både elevane og dei tilsette kan få eit større sosialt og fagleg miljø. Når det gjeld omsynet til lokalsamfunnet i eit samfunnsperspektiv, som er det eg studerer, er det viktig å ha ein skule i nærleiken. Eg merkar meg at informantane mine er opptekne av skulen sin, og den tydinga som skulen har for lokalsamfunnet. Nokre er også bekymra for kva som skal skje dersom skulen vert lagt ned. Sjølv om skulen det er snakk om er ein 1-4 skule, er dette med på å halde lokalsamfunnet oppe. Som informant 7 har vore inne på treng ikkje folk endå eit argument for å velje vekk lokalsamfunnet.

Som tidlegare nemnd, både gjennom teori og intervju, er det «ingen» som flyttar til ei bygd eller eit lokalsamfunn utan skule. I små lokalsamfunn er det ofte skulane som er samlingsplassane og møtepunkt, og skulane som fungerer som grendehus eller forsamlingshus. Der attraktiviteten går ned, er det mange som meiner det er viktig å kjempe for å halde på skulen slik den allereie er i dag. Konkret vert det jobba med eit busetjingsprosjekt i bygda for å få opp folketalet, og særleg barnetalet. Men, ein eventuell nedlegging av skulen er nær føreståande, og gjer dette prosjektet vanskeleg. Ein informant seier følgjande om kva ei nedlegging kan føre til:

Det går nedover, er derfor me kjempar så hardt for å halde på skulen. Jobbar med ein del busetjingsprosjekt for å få opp barnetal og folketal i bygda, men det er ikkje ein lett ting, spesielt ikkje når ein veit at ein eventuell nedlegging er nær føreståande (18).

På den andre sida seier ein informant følgjande om framtidsutsiktene til skulen og lokalsamfunnet som er trua av nedlegging:

Bygda har tilflyttarar som flyttar fordi dei har tru på at bygda skal vekse og at skulen skal overleve. Ein optimisme ein ikkje finn så mange andre plassar. Bygda er ein av dei plassane som skil seg ut som ein skule som kan bli veldig attraktiv, og vere ein attraktiv del av bygda (14).

Dette viser kva tyding skulen har for attraktiviteten i bygda: der skulen er i fare for å bli lagt ned, er det ikkje lett å rekruttere folk til bygda. På den andre sida har den eine informanten tru på at skulen kan bli attraktiv og kan vere ein attraktiv del av bygda. Ein positiv ting som vart trekt fram med staden var natur. Som den eine informanten sa:

Er såpass langt å pendle for mange, at utan skule blir det nok ein grunn til å ikkje bu her, om ikkje du er kjempeglad i plassen og måten å bu på som ein gjer her.. Har meir natur rundt deg enn i meir sentrale strøk (17).

Eit spørsmål er likevel i kva grad folk flyttar til bygda berre på grunn av naturen dersom det ikkje er skule, barnehage eller andre viktige tenester og tilbod der. Truleg vil nok fleire heller flytte til andre stadar med liknande naturopplevingar, der det også er grunnleggjande teneste og tilbod som barnehage og skule. Informant 6 påstod at «skulen har alt å seie!». Dette gir uttrykk for at informanten meiner at skulen er så viktig for attraktivitet og at folk skal flytte dit, at lokalsamfunnet og bygda er avhengig av å ha eit skuletilbod tilgjengeleg, i alle fall for dei yngste elevane.

Eit anna forhold enn sjølve skulen som kan påverke attraktiviteten i negativ retning, er at pendleveggen er rasfarleg. Dette kan vere endå eit argument for at folk ikkje ynskjer å flytte til bygda.

I førre delkapittel om kva skulen si rolle er for lokalsamfunnet, kom det fram at skulen har mange roller. I mange tilfelle fungerer skulen også som eit forsamlingshus eller grendehus, og er ein møteplass for innbyggjarane i lokalsamfunnet. For attraktiviteten til lokalsamfunnet er det godt mogleg at det er viktig å ha ein slik møteplass. Som me høyrde i førre kapittel om kva skulen har betydd for dei som allereie har mista sin lokale skule, nemnde dei at dei kom til å sakne skulen som møteplass og arena for lokal samhandling. Me skal no høyre i kva grad informantane knytt til skulen som er nedlagt meiner at nedlegging av skulen har verka inn på bygda sitt omdømme og attraktivitet.

Erfaringar frå skulenedlegging

For å kunne studere kva rolle skulen spelar i lokalsamfunnet spurde eg dei som har erfaring med skulenedlegging om i kva grad dei meiner skulenedlegginga har gjort noko med korleis bygda vert oppfatta av andre. Her er to synspunkt:

Ja, det trur eg absolutt, men trur kanskje at barnehagen har meir å seie. I alle fall når det var så små forhold. Er eigentleg ikkje så frykteleg stor avstand til Førde. Vi brukar berre 20 minuttar [med bil], er skuleskyssen som tar lang tid. Trur kanskje at folk tenker det er like attraktivt å bu her fordi det er faktisk ikkje så langt til skulen, men at barnehagen er meir verdifull (I1).

Eg trur at når skulen var så liten som den var, var den kanskje ikkje så attraktiv. Da var det kanskje... vanskeleg å seie, men for nokon kan det vere at dei ikkje ynskjer å flytte dit fordi då vil barnet sokne til skulen, og viss ikkje du har eit val, så vil ein automatisk måtte gå på ein liten skule med dei konsekvensane det vil vere - med få vener og kanskje dårlegare fagleg opplegg. Ein ond spiral som er vanskeleg å snu, fordi hadde den vore akkurat passe stor, så er min ideologi og min optimisme og tankar på kva eg trur kjem til å skje framover, eller vertfall moglegheita, er at fleire søker til mindre stad, kjem seg ut frå byane, større moglegheit til å jobbe kvar du vil. Da kan det vere attraktiv med ein skule som ligg nær. Sånn sett kan det vere attraktiv, men er ein terskel der. Er det for få, kan det vere avskrekkande, er det stort nok kan det vere attraktivt (I2).

Fleire av informantane meinte at det å ha ein barnehage i lokalsamfunnet hadde endå meir å seie for attraktiviteten til lokalsamfunnet enn skulen. Likevel kom det fram at informantane også meinte at skulen hadde noko å seie for attraktiviteten til lokalsamfunna. Ein faktor som er med på å påverke attraktiviteten til skulen og lokalsamfunnet, er storleiken til skulen. Det kan vere at nærværet av ein liten skule skremmer folk frå å flytte til bygda. Foreldra ynskjer ikkje at barnet deira skal gå på ein liten skule med få andre vener, og dårleg fagleg opplegg. Som nemnd er det ei vanleg oppfatning av at skular må vere store for at dei kan vere gode, og at dei små skulane ikkje er gode nok (Solstad, 2017).

Informantane i denne bygda ser ut til å meine at det finst ein terskel med ein viss storleik som skulen må ha for at den skal vere attraktiv nok, og ikkje avskrekkande liten for foreldre og elevar. Mange familiar vil gjerne ha borna sine i barnehage og på skule i Førde, der foreldra jobbar og der borna går på fritidsaktivitetar. Det er difor ikkje sikkert at skulen som er nedlagt får store konsekvensar for bygda sin attraktivitet, da det er relativt kort veg til ein større tettstad.

7. Oppsummering og konklusjon

I dette siste avsluttande kapitlet skal eg oppsummere og svare på problemstillinga; *Kva tyder lokalsamfunnet for folk, og kva oppfatningar har dei av skulen si rolle i lokalsamfunnet?*

Dette er ei problemstilling det ikkje er noko eintydig svar på, og som det er mange ulike meiningar om. Eg har intervjuet åtte personar i Sunnfjord kommune, både foreldre, eldsjeler og skuleeigarar. Det har vore interessant å få fram dei ulike perspektiva, meiningane og synspunkta i lys av litteraturen om lokalsamfunn og skulenedlegging i distrikta. Gjennom intervjuet kom det fram tre tema som eg tok utgangspunkt i når det gjeld analyse og drøfting: perspektiv på kva eit lokalsamfunn er, skulen si rolle for lokalsamfunnet og tydinga skulen har for attraktiviteten til lokalsamfunnet.

Inntrykket eg har fått gjennom intervjuet med mine åtte informantar er at dei opplever lokalsamfunna som ein viktig del av kvardagen deira. Informantane fortalte om lokalsamfunn som både ein stad og eit avgrensa fysisk miljø, og det sosiale aspektet og fellesskapet som lokalsamfunnet gir. Det sosiale fellesskapet var openbart noko som var viktig for dei. Sjølv i ei verd som blir meir globalisert og modernisert er lokalsamfunna framleis viktige og skapar tilhøyrslø og fellesskap. For desse informantane er lokalsamfunn både eit geografisk avgrensa område, samtidig som det er eit sosialt fellesskap. Dette samsvarar med det forskinga har definert som lokalsamfunn og stad. Aarsæther hadde ei oppfatning av lokalsamfunn som sa at det handlar om trekk ved «den samhandlinga som går føre seg mellom menneske som bur innafor eit geografisk avgrensa område» (Aarsæther, 2016, s. 136).

For å kunne snakke om lokalsamfunn bør det også vere ei viss grad av samhandling og ordningar. Kjeldstadli viste til fleire ulike forståingar av lokalsamfunn. Noko av det han var inne på var at felles tenkemåte og normer som inneberer kulturell homogenitet, saman med ei kjensle av å høyre til og deltaking i eit vi, eit fellesskap, er andre trekk ved lokalsamfunnet (Kjeldstadli, 2017). Kjølrsrud hadde ein meir avgrensa forståing av lokalsamfunn, som sa at lokalsamfunn var ein «betegnelse for sted og miljø innenfor et mindre område» (Kjølrsrud, 2014).

Om stad har Berg ei oppfatning av at ein stad som er viktig for dei fleste er lokalsamfunnet ein er ein del av. Til tross for at stadig fleire kan skildra seg som globale og mobile verdsborgarar, lever dei fleste sine kvardagsliv i lokale miljø, der dei bur (Berg, 2016). Både det informantane fortalte om, og lokalsamfunnsomgrepet, samsvarar også med stadomgrepet. Staddimensjonen fokuserer på både det sosiale og fysiske ved stadar. Det inkluderer stadar som sosiale arena, symbol, natur og omgjevnadar (Aune et al., 2015, s. 198).

For fleire av informantane var lokalsamfunn gjerne identifisert til å vere det same som den geografiske staden som bygda er. Dermed kan lokalsamfunn ha same utstrekning som bygda geografisk, noko som er i tråd men den klassiske definisjonen av lokalsamfunnet som avgrensa og noko statisk. Det kom likevel fram at det var trekk ved kvardagslivet til informantane, særleg i bygda der skulen er lagt ned, som tyder på at grensene er dynamiske: dei forandrar seg når kvardagslivet forandrar seg. Lokalsamfunnet og bygda er gjerne tett veva saman, det same er lokalsamfunnsomgrepet og stadomgrepet.

Agnew (1987) sine tre komplementære dimensjonar ved stad samsvarar også godt med det som er kome fram. Stad vart forstått som ein lokalisering, som eit fysisk område som dannar bakgrunnsramme for økonomisk og anna samfunnsmessig aktivitet. For det andre vert stad sett på som «sense of place», som ein opplevings- og kjenslemessig dimensjon ved stad, ein stad det vert knytt kjensler til. I følge Agnew har folk kjensler for lokalsamfunnet og bygda. Dette var noko som også kom fram gjennom intervjuet, særleg i tilknytning til nedlegging av skulen og lokalsamfunnet.

Den tredje dimensjonen handlar om «local», ein setting for kvardagen sin sosiale interaksjon (Aure et al., 2015, s. 16, Berg & Dale, 2005). Om skulen vert lagt ned og flytta, og kvardagslivet får eit nytt mønster, vert lokalsamfunnet endra. Når kvardagslivet forandrar seg forandrar gjerne definisjonen av lokalsamfunnet seg, og lokalsamfunnsomgrepet vert utvida eller avgrensa. Mange av aktivitetane i eit lokalsamfunn er knytt til den lokale skulen. Når skulen vert lagt ned, forandrar definisjonen av lokalsamfunnet seg, og det vert utvida. Definisjonen og oppfatningane av lokalsamfunnet er difor dynamiske og i forandring.

Gjennom intervju kjem det fram at skulen spelar ei viktig og sentral rolle for lokalsamfunnet. Først og fremst spelar skulen ei viktig og sentral rolle som forsamlingshus og grendehus. Det er gjerne der mange av aktivitetane i bygda skjer, og det er på skulen ein samlast når det er arrangement og markeringar som 17. mai og julefest. På den andre sida var informantane også inne på at dersom skulen vart for liten, var det ikkje alltid forsvarleg å halde den oppe. Særleg der det ikkje var veldig lang reiseavstand til ein større skule, der elevane vart flytta til.

Gjennom borna si deltaking i desse aktivitetane, ofte på skulen eller i samband med skulen, blir også foreldra kjende med kvarandre. Dette er noko som syner at lokalsamfunnet har ei stor tyding for folk. Aarsæther har nemnd den utvida foreldrerolla og «det nye barnelivet», der det er forventningar til at foreldra skal delta i samarbeid og dugnad knytt til dei aktivitetane som borna deltek i. Dette syner at skulen si rolle som forsamlingshus og grendehus skapar ein møteplass for innbyggjarar i alle aldrar og på tvers av generasjonar, ikkje berre dei som sjølv går på skulen.

Det er naturlegvis vanskeleg å seie kva som vil skje framover der det ikkje er skule. Det fleire peikar på er at dei må stå meir på for å møtast, og samlingspunkta for borna og familiene blir der borna går på skule. Det inneberer at møtepunkta vert færre, og det vert truleg færre som deltek på aktivitetar og arrangement i bygda, då fleire reiser til dei skulane der borna går. Det vert vist til at skulen nærmast er lokalsamfunnet. Aarsæther har nemnd den utvida foreldrerolla og «det nye barnelivet», der det er forventningar til at foreldra skal delta i samarbeid og dugnad knytt til dei aktivitetane som borna deltek i.

På bakgrunn av det eg har sett på vel eg å dele konsekvensane av skulenedlegging i to:

På den eine sida handlar det om at ein mistar ein konkret møtestad, lokale arbeidsplassar, og at elevane får lengre reise. Ein del av dette kan likevel kompenseras, til dømes ved at skulebygget blir verande som forsamlingshus eller grendehus. På den andre sida handlar det om symbolske og/eller kjenslemessige aspekt, samt identitet. Ein føler at lokalsamfunnet er mindre verd fordi folk flyttar frå samfunnet, og institusjonar blir lagt ned. Det blir eit kjenslemessig tap. Ein kan sakne fellesskapet som skulen har ført med seg. Det som var ein del av bygda, ein del av heimstaden, som vart borte. Det kan gå ut over sjølvbilete til innbyggjarane, og ein bekymrar seg over at framtida, når bygda ikkje er attraktiv nok til å trekke til seg nye innbyggjarar. Dette er moment som er vanskeleg å kompensere. Skulen er viktig for lokalsamfunnet av to årsaker: som møtestad og som identitetsmarkør. Der skulen er lagt ned ser ein at skulen er ein viktig identitetsbyggjar. Skulen er viktig for kva som vert oppfatta som lokalsamfunn. Som eg var inne på i analysekapittel var det nokre av informantane som peika på at dei framleis har aktivitetar knytt til skulen som blir opplevd som viktige, til dømes 17. mai og julefest. Dei vart etter nedlegging av skulen feira på den nye skulen, noko som gjorde at lokalsamfunnomgrepet vart større i omfang. Det inkluderer seinare den nye skulen i kvardagslivet, og lokalsamfunnet har fått ein anna geografisk utstrekning, med noko anna innhald, slik som skule og andre aktivitetar og møtestadar.

Informantane var opptekne av korleis bygda vart oppfatta frå utsida der det ikkje er skule, altså attraktivitet og tilflytting. Vil folk flytte til ei bygd og eit lokalsamfunn der det ikkje er skule, eller der skulen er i fare for å bli lagt ned? Informantane var noko delte i synspunktet rundt kva skulen hadde å seie for attraktivitet for lokalsamfunnet. Den eine informanten meinte at ein 1-4 skule i seg sjølv ikkje gjer bygda veldig attraktiv, men det viktige er heller ringverknadane og konsekvensane ei nedlegging kan få for lokalsamfunnet. Ein annan peika på at det å sokne til ein liten skule kan verke negativt på nokre familiar. Det vart også sagt at ei nedlegging av skulen kan føre til ein nedgåande spiral, der nedlegging av skulen på sikt kan føre til at også barnehage, butikk og andre teneste vert lagt ned og flytta vekk. Kva skulenedlegging direkte fører med seg av til- og fråflytting er ikkje godt å seie. Inntrykket er likevel at det vert vanskeleg å tiltrekke folk til lokalsamfunnet og bygda utan dei grunnleggjande tenestene, eller der dei grunnleggjande tenestene er i ferd med å forsvinne frå lokalsamfunnet.

For å sitere ein informant som fortalte om kva tyding skulen hadde for lokalsamfunnet: «Skulen har alt å seie!» (I6). Dette samsvarar med Cedering som omtala skulen som hjarta i bygda (Cedering, 2016). Sett frå eit lokalsamfunnperspektiv i distriktet oppfattar eg at det viktig å ha ein skule i bygda. Skulen er viktig for lokalsamfunnet, og viktig som møteplass og sosialt fellesskap for innbyggjarane i bygda og lokalsamfunnet, på tvers av bakgrunn, alder og generasjonar.

8. Litteraturliste

- Aure, M., Berg, N. G., Cruickshank, J., & Dale, B. (2015). Sted - nye teorier i en norsk kontekst. I M. Aure, N. G. Berg, J. Cruickshank, & B. Dale, *Med sans for sted. Nyere teorier* (ss. 13-28). Bergen: Fagbokforlaget.
- Aure, M., Nygaard, V., & Wiborg, A. (2015). Stedstilknytning: Materialitet, relasjoner og følelser. I M. Aure, N. G. Berg, J. Cruickshank, & B. Dale, *Med sans for sted. Nyere teorier* (ss. 195-209). Bergen: Fagbokforlaget.
- Berg, N. G. (2016). Lokalsamfunn som sted - hvordan forstå tilknytning til bosted? I M. Villa, & M. S. Haugen, *Lokalsamfunn* (ss. 34-48). Oslo: Cappelen Damm.
- Berg, N. G., & Dale, B. (2004). Sted - begreper og teorier. I N. G. Berg, B. Dale, H. K. Lysågrd, & A. Løfgren, *Mennesker, steder og regionale endringer* (ss. 39-60). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Bringslid, M. B. (2016). Lokalsamfunnsomgrepet, antropologen og lagnaden til det lokale. I M. Villa, & M. S. Haugen, *Lokalsamfunn* (ss. 53-69). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Cedering, M. (2016, Mars 1). *Konsekvenser av skolnedläggningar En studie av barns och barnfamiljers vardagsliv i samband med skolnedläggningar i Ydre kommun*. Hentet fra diva-portal: <http://uu.diva-portal.org/smash/get/diva2:883424/FULLTEXT01.pdf>
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2018). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.

- Cruickshank, J. (2014, Desember 10). Stedsblind planlegging av lokalsamfunnet. *Idunn*, ss. 4-9.
- Edgren, H., Nordberg, K. H., & Roos, M. (2021). *MASTEROPPGAVEN i samfunnsfag en håndbok for lærerstudenter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2020). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hansen, T. (2021, Mars 15). *sentralisering*. Hentet fra Store norske leksikon:
<https://snl.no/sentralisering>
- Kjeldstadli, K. (2017, Desember 12). Finnes lokalsamfunn? Do Local Communities Exist? .
HEIMEN, ss. 342-351.
- Kjølsrud, L. (2014, Mars 4). *Lokalsamfunn*. Hentet fra Store norske leksikon:
<https://snl.no/lokalsamfunn>
- Kvalsund, R. (2019). Bigger or Better? Research-Based Reflections on the Cultural Deconstruction of Rural Schools in Norway: Metaperspectives. I H. Jahnke, C. Kramer, & P. Meusbürger, *Geographies of Schooling* (ss. 179-218). Flensburg, Germany : SpringerOpen.
- Lysgård, H. K., & Cruickshank, J. (2016). Attraktive lokalsamfunn - hva er det og for hvem? I M. Villa, & M. S. Haugen, *Lokalsamfunn* (ss. 95-113). Oslo: Cappelen Damm.
- Midtsundstad, J. H. (2019). *Lokal skoleutvikling. Sammenhengen mellom sted, roller og undervisning* . Bergen: Fagbokforlaget .
- NOU 2020:15. (2020). *Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2018). *Forskningsmetode for masterstudenter i lærerutdanningen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Solstad, K. J. (2009). *Bygdeskolen i velstands-Noreg*. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Solstad, K. J. (2017, Januar 14). Nedlegging av skular - grunnar og konsekvensar.
Utdanningsforskning, ss. 28-32.
- Solstad, K. J., & Thelin, A. A. (2006). *Skolen og distrikta : samspel eller konflikt?* Bergen: Fagbokforlaget.
- Sunnfjord kommune. (2020, November 18). *Plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune*. Hentet fra Sunnfjord.kommune.no :
https://sunnfjord.kommune.no/_f/ib9d5b806-41f7-43c1-8276-ebb5a1ac471b/plan-for-framtidig-bruk-av-skulane-i-sunnfjord-kommune-hoyringsutkast.pdf

- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitative metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Thuren, T. (2018). *Vitenskapsteori for nybegynnere*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Utdanningsdirektoratet. (2019). *Utdanningsspeilet 2019. Grunnskolen - fakta og læringsresultater*. Hentet fra udir.no: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finnforskning/tema/utdanningsspeilet-2019/fakta-om-grunnskolen/>
- Utdanningsdirektoratet. (2021, August 27). *Analyse av skolenedleggelser 2020-21 Færre skoler er lagt ned det siste skoleåret*. Hentet fra udir.no : <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/skolenedleggelser/>
- Utdanningsdirektoratet. (2022, Mars 24). *37 skoler ble lagt ned i 2021* . Hentet fra udir.no: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/skolenedleggelser2/>
- Villa, M. (2016). Lokalsamfunn til kamp for skulen. I M. Villa, & M. S. Haugen, *Lokalsamfunn* (ss. 177-195). Oslo: Cappelen Damm.
- Villa, M., Solstad, K., J., & Andrews, T. (2021). Rural schools and rural communities in times of centralization and rural-urban migration. *Journal of Rural Studies*, 88, 441-445.

9.Vedlegg

9. 1 Vedlegg 1 Intervjugal

Semistrukturert intervju

Lokalsamfunn som allereie har mista skulen

Målet med denne undersøkinga er å undersøke kva skulen betyr for lokalsamfunnet. Her vil eg knyte det til kva dei tenkjer skulenedlegging har betydd for lokalsamfunnet.

1. Start gjerne med å fortelje kva skulenedlegging betydde for deg (og evt familie)
2. Korleis brukte du/de skulen? (forhold til skulen, rolle)

3. Kven sine daglegliv er eventuelt påverka, og på kva måte?
Har nedlegginga påverka ditt daglegliv? Korleis?
4. Kva oppfattar du/de som lokalsamfunn? Kva er eit lokalsamfunn for deg?
Kor går grensene for dette lokalsamfunnet/bygda?
Er grensene påverka av kor skulen ligg?
5. Kva vil du seie har vore dei viktigaste endringane for lokalsamfunnet?
Kva rolle spelte skulen for lokalsamfunnet? Kva funksjonar hadde den?
Korleis vert desse funksjonane ivaretatt no?
Har det hatt nokre spesielle positive/negative konsekvensar?
6. Trur du skulenedlegginga har gjort noko med korleis bygda vert oppfatta av andre?
Kva/korleis?
Kva trur du det har hatt å seie for tilflyttarar/barnefamiljar?
7. Kva tenkjer du vil skje med lokalsamfunnet/bygda framover? På kva måte vert lokalsamfunnet eventuelt endra? Kvifor er det positivt/negativt?

Lokalsamfunn som står i fare for å miste skulen

Målet med denne undersøkinga er å undersøke kva skulen tyder for lokalsamfunnet. Det vil knytast til kva ei skulenedlegging kan tyde for lokalsamfunnet.

1. Korleis føler du prosessen rundt tema om skulenedlegging har vore? Kven har engasjert seg og fått gjennomslag? Kvifor har det vore slik?
Kva har vore ditt engasjement i dette?
2. Kva argument blir framstøtt av kven
Argument for/imot
3. Kva føler du rundt å kunne miste skulen i bygda? Kva konkrete endringar vil det føre til i ditt daglegliv?

4. Korleis vert skulen brukt i dag?
5. Kva trur du vil skje om skulen vert lagt ned? Kva konsekvensar trur du/de ein eventuelt skulenedlegging vil føre med seg? Kven vil vinne/tape på det?
6. Kva oppfattar du/de som lokalsamfunn? Kva er eit lokalsamfunn for deg?
7. Kva trur du/de ein nedlegging vil gjere med omdømmet til bygda/korleis folk utanfrå ser på bygda?
Trur du ein skule har noko å seie for kor attraktiv bygda er for framtidig busetting?

Overordna politikarar

1. Korleis oppfattar du lokalsamfunn, kva er lokalsamfunn for deg
2. Korleis føler du prosessane rundt skulenedlegging har vore
3. Kva konsekvensar kan skulenedlegging ha
4. Korleis kan skulenedlegging påverke omdømme til bygdene og attraktiviteten til ei bygd/kommune/lokalsamfunn

9.2 Vedlegg 2 Vurdering frå NSD

Referansenummer

833574

Prosjekttittel

Skulen sin tyding for lokalsamfunnet

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Gro Marit Grimsrud, Gro.Marit.Grimrud@hvl.no, tlf: 57676202

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Hilde Horpen, hildehorpen96@hotmail.com, tlf: 95725435

Prosjektperiode

16.09.2021 - 15.05.2022

Vurdering (2)

19.10.2021 - Vurdert

NSD har vurdert endringen registrert 19.10.2021. Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 19.10.2021. Behandlingen kan fortsette. ENDRING Det skal ikke lenger registreres opplysninger om politisk oppfatning. OPPFØLGING AV PROSJEKTET NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet. Lykke til videre med prosjektet!

14.10.2021 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen vil være i samsvar med personvernlovgivningen, så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet 14.10.2021 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte. TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger og særlige kategorier av personopplysninger om politisk oppfatning frem til 15.05.2022 LOVLIG GRUNNLAG Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. For alminnelige personopplysninger vil lovlig grunnlag for behandlingen være den registrertes

Samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a. For særlige kategorier av personopplysninger vil lovlig grunnlag for behandlingen være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. personvernforordningen art. 9 nr. 2 bokstav a, jf. personopplysningsloven § 10, jf. § 9 (2). PERSONVERNPRINSIPPER NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen: - om lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen - formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål - dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet - lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet. DE REGISTRERTES RETTIGHETER NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20). Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned. FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må prosjektansvarlig følge interne retningslinjer/rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon. MELD VESENTLIGE ENDRINGER Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilken type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema> Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres. OPPFØLGING AV PROSJEKTET NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet. Kontaktperson hos NSD: Kajsja Amundsen Lykke til med prosjektet!

9.3 Vedlegg 3 Informasjonsskriv og samtykkeskjema

Vil du delta i forskingsprosjektet *Skulen si tyding for lokalsamfunna*

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å forske på kva rolle skulen som institusjon spelar for lokalsamfunna. I dette skrivet gjev eg deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

Føremål

Eg skal skrive ei masteroppgåve der eg vil forske på kva rolle skulen spelar for lokalsamfunnet. Eg vil her sjå på kva det tyder for elevar, foreldre og lærarar å ha ein skule i nærleiken, samt korleis skulen vert nytta som møtestad og sosial arena for bygda og lokalsamfunnet.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Min rettleiar på masteroppgåva er Gro Marit Grimsrud, som gjennom Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Eg vil i oppgåva gå breitt ut og intervjuje folk eg tenkjer vil vere relevante for ein slik studie. Eg vil intervjuje foreldre, skuleeigarar, lag og organisasjonar og andre personar eg tenkjer har ei meining om dette.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det eit opent intervju, der du vil få høve til å dele dine tankar og meiningar. Eg er ikkje ute etter noko «fasitsvar», men ynskjer å høyre tankar rundt tematikken skulenedlegging, særleg retta mot ditt lokalsamfunn. Samtalen vil bli tatt opp, for deretter å bli transkribert til tekst etterpå.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det vil berre vere eg som har tilgang til namn og lydopptak. Namnet ditt vil bli anonymisert, men rolla di (skuleeigar/forelder/engasjert innbyggjar) kan verte ståande.

Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 15. mai. Etter prosjektslutt vil namnet ditt ikkje lengre vere tilgjengeleg, og lydopptak vil bli sletta.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar:

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,

å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,

å få sletta personopplysingar om deg,

å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

Høgskulen på Vestlandet ved Gro Marit Grimsrud.

Dersom du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Venleg helsing

Gro Marit Grimsrud
(Rettleiar)

Hilde Horpen
(Student)

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Skulen si rolle for lokalsamfunnet* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i intervju

at rolla mi (skuleeigar/forelder/engasjert innbyggjar) kan kome fram gjennom oppgåva

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)